

## **Foreord**

Vegen fram til denne teksten har vore spanande. I litt over eit halvt år har eg styrt på med den, og har gjennom den tida opplevd mykje interessant. Eg har lært mykje både om fagområdet barnevern og spesialpedagogikk, og om meg sjølv.

Fyrst må eg få takke informantane min for deltakinga i denne studien, utan dei så ville det ikkje ha vore nokon studie. Det at dei tok seg tida til å stille opp og svare på spørsmåla mine, samt sa seg villig til å kvalitetssikre dei tolkingane eg gjorde av dei har vore heilt uvurderleg for meg. Alle dei som har hjelpt å sette meg i kontakt med informantane må eg og rette ein stor takk til.

Eg vil og takke kjærasten min og familien min for god støtte og hjelp i gjennom heile prosessen. Kullet for Master i spesialpedagogikk 2014-2016 på NTNU vil eg og rette ein stor takk til for oppmuntring, givande diskusjonar og avkoplingar frå ein elles stressande kvardag.

Eg vil gje ein stor takk til vegleiaren min Monica Bjerklund for gode tilbakemeldingar, konstruktive rettleiingar og positive og motiverande samtalar. Takk for at du svara på alle spørsmåla som eg hadde, det set eg stor pris på.

Tusen takk til alle og ein kvar som har hjelpt meg gjennom denne oppgåva. Eg vil for alltid vera takknemleg.

Trondheim, 2016

Sindre Tveisme Bårtvedt



# SAMANDRAG AV MASTEROPPGÅVE I SPESIALPEDAGOGIKK

**TITTEL:** «At dei veit dei kan komme heim her»

**Ei hermeneutisk-fenomenologisk studie av tre tilsette ved  
barnevernsinstitusjonar, og korleis dei arbeider for å  
legge til rette for tilhøyr og tryggleik hjå ungdom i  
kvardagen.**

**AV:** Sindre Tveisme Bårtvedt

**EKSAMEN:** PED3903

**SEMESTER:** Haust 2016

**STIKKORD:** Barnevern, ungdom, institusjon,  
barnevernsinstitusjon, tilsette, tilhøyr, tryggleik, skule,  
kvardag, identitet, førebygging, profesjonskompetanse,  
aktivitet, omsorg,



## **Samandrag**

Hensikta med denne studien er å sette søkelys på korleis arbeidet med å legge til rette for tilhøyr og tryggleik i kvardagen til ungdom som bur i institusjon i regi av barnevernet vert gjennomført. Fokus ligg på korleis dei tilsette som gjennomfører dette arbeidet oppfattar den effekten det har på dei unge som dei har ansvar for. Det vert og lagt vekt på korleis dette kan tenkjast å spele inn på dei unge sin skulekvardag. Funna i studien vert drøfta i lys av teori knytt til resiliens (Befring, 2012; Borge, 2010), profesjonskompetanse (Gjertsen, 2003; Larsen, 2004; Storø, 2008), og sosial nettverks- og identitetsteori (Berger & Luckmann, 2000; Habermas, 1987). Studien tek sikte på å gje lærarar og spesialpedagogar eit innsyn i kva erfaringar tilsette ved barnevernsinstitusjonar har med å legge til rette for tilhøyr og tryggleik i ungdommar sin kvardag.

Problemstillinga som det vert arbeida ut ifrå er: Korleis arbeider tre tilsette ved barnevernsinstitusjonar med å legge til rette for at ungdommane dei har ansvar for opplever tilhøyr og tryggleik i kvardagen?

Underspørsmåla som er knytt til denne problemstillinga er.

- Korleis bruker dei tilsette aktivitetar i møte med dei unge for å bygge tilhøyr og tryggleik?
- Korleis opplever dei tilsette skulen si innverknad på dei unge si oppleveling av tilhøyr og tryggleik?
- Kva ferdigheiter legg dei tilsette vekt på i arbeidet med å legge til rette for tilhøyr og tryggleik?
- Korleis spelar omsorg inn i det arbeidet dei tilsette gjer for å legge til rette for tilhøyr og tryggleik?

Studien er gjennomført ved å ta i bruk kvalitativ forskingsmetode. Datainnsamlinga vert gjennomført ved hjelp av semi-strukturerte intervju med tre tilsette som arbeider ved barnevernsinstitusjonar som har ungdom som målområde. Det vert lagt opp til ei hermeneutisk-fenomenologisk tilnærming til intervjeta og databehandlinga. Analysen vert gjennomført ut frå ein modifisert versjon av Stevick-Colazizzi-Keen-metoden (Moustakas,

1994). Resultata vert kvalitetssikra gjennom å gjer greie for den metodologiske framgangsmåten og valga som vert gjort, før-forståinga mi som forskar, og member-checking.

Hovudfunna i studien er at dei tilsette fokuserer på å bygge relasjonar med, og sosial kompetanse hjå dei unge gjennom å aktivisere dei i estetiske og fysiske aktivitetar innanfor deira interessesfære. Dei tilsette prioriterer eit tett samarbeid mellom institusjonen og skulen, og har dei unge sin skuletrivsel som ein viktig faktor i arbeidet sitt. Skulen vert lagt vekt på som ein særskilt viktig faktor for at dei unge skal oppleve trygge rammer utanfor institusjonen. Det kjem og fram at dei tilsette legg vekt på personleg eignaheit og det å kunne balansere personlege og faglege ferdigheiter som viktig for kunne gjennomføre arbeidet. Omsorg er og noko som dei tilsette legg til grunn som særskilt viktig for tilrettelegginga for tilhøyr og tryggleik hjå dei unge i kvardagen. Dei legg vekt på viktige av at dei unge opplever institusjonen som ein heim, men at dei også må vera bevisst den familien som mange av dei unge kan føle seg knytt til. Konklusjonen i studien er at dei tilsette er bevisst den rolla dei speler i dei unge sitt liv, og at dei opptrer som rollemodellar for dei unge. Rammer, struktur og relasjonar er viktige verktøy for dei tilsette når dei skal legge til rette for tilhøyr og tryggleik hjå dei unge. Dei tilsette opplever å måtte gå ein balansegang mellom det å vera profesjonsutøvarar og privatperson. Dei må ta på seg eit formyndaransvar og vise omsorg, men samtidig la ungdommane behalde dei familiebanda dei har. Gjennom å ta høgde for både humane verdiar og sitt lovheimla mandat er dei tilsette med på å legge til rette for at dei unge opplever institusjonen som ein sikker base med trygge rammer, men også eit område der dei kan utfolde seg som individ. Dette gjer det mogleg for dei unge å oppleve skulen og institusjonen som ein arena dei kan føle seg trygge i, men også der dei hører til. Dette kan også legg til rette for ei resiliensutvikling hjå dei unge. Dei tilsette er heile tida bevisst dei utfordingane dei unge møter gjennom å bu i institusjon, og korleis det arbeidet dei gjer kan spele inn på identitetsdanninga til dei unge.

## **Abstract**

The goal of this study is to shine a light on the work that gets done regarding the everyday feeling of safety and belonging of youths living under the care of child services in institutions. The focus of this study is on how the employees who work in the institutions perceive the effects of the work that they do with the youngsters. Another point of interest is how this effect might translate to the youths feeling of belonging and safety in school. The findings are viewed through resilience (Befring, 2012; Borge, 2010), profession (Gjertsen, 2003; Larsen, 2004; Storø, 2008), and social networks and identity theory (Berger & Luckmann, 2000; Habermas, 1987). The study aims to give teachers and special educators an insight into the everyday life of youngsters under the care of child services, and how those that care for them think.

The research question that this study aims to answer is: How do three employees at child welfare institutions work to give the adolescents under their care a feeling of safety and belonging in everyday life?

The sub-questions that are connected to the research question are.

- How do the employees use activities in their dealings with the youngsters when it comes to giving them a sense of safety and belonging?
- How do the employees feel that school affect the adolescents' feeling of safety and belonging?
- What skills do the employees focus on when trying to give the adolescents a feeling of safety and belonging?
- How does care play into the work that the employees do to give the youngsters a sense of safety and belonging?

The study is conducted using a qualitative approach to methodology. The data is gathered through semi-structured interviews with three employees who work at institutions that have adolescents as their focus area. A hermeneutical-phenomenological approach is used for the data gathering and analysis, and a modified version of the Stevick-Colazizzi-Keen-method is used in the analysis part (Moustakas, 1994). The results of the study are quality controlled

through a presentation of the methodological choices made in the study, my pre-understandings, and member-checking.

The main findings of the study are that the employees focus on building relations with, and the social competency of the youngsters through aesthetic and physical activities within the adolescents' sphere of interest. The employees prioritise close bonds between the institution and the school, and have the youngsters wellbeing in school as one of their most important factors. School is seen as a key factor for the youngsters feeling of safety and belonging outside of an institutional setting. Personal suitability, and being able to balance one's personal and professional persona is something that the employees feel are important in the work they do with the adolescents. The Employees feel that care is one of the most important aspects of their work when it comes to the youths feeling of safety and belonging. They stress the fact that the youths have to feel like the institution is a home for them, but that they also have to be aware of family ties and how they play into the lives of the youths. The conclusion of the study is that the employees are aware of their own role in the lives of the adolescents, and that they portray themselves as role models for the youths. Boundaries, rules and the relation between them and the youngsters are important tools when it comes to their work with feelings of safety and belonging for the youths. The employees have to balance their role as a professional and as a private person. They have to take on roles as guardians, but also let the adolescents keep their family ties. By taking into account humane values, rules and regulations and balancing them out they manage to give the youngsters a secure base, but also room to live their own lives. By doing this the employees make it possible for the youngsters to feel that school and the institution is a safe space, but also as a place where they can belong. This also makes it possible for the youths to enhance their resiliency. The employees are always aware of the challenges that might come from living in an institution, and how their own work might affect how the youths' construct their own identity.

## **Innhaldsforteikning**

1.0 Innleiing .....	1
1.1 Barnevernet og institusjonar.....	4
1.2 Tidlegare forsking.....	5
1.3 Styringsdokument.....	6
1.4 Målet med studien .....	7
2.0 Teori .....	9
2.1 Resiliens og førebygging .....	9
2.2 Maslows Behovshierarki .....	11
2.3 Sosial kompetanse .....	11
2.4 Fagleg og personleg kompetanse.....	12
2.5 Nettverk og sosialt konstruert identitet.....	14
2.6 Livsverda og systemverda .....	15
3.0 Metode.....	17
3.1 Kvalitativ metode .....	17
3.2 Kvalitativt intervju.....	18
3.3 Korleis gjekk intervjua .....	18
3.4 Fenomenologi, hermeneutikk og hermeneutisk-fenomenologi .....	20
3.5 Valg av informantar.....	21
3.6 Problem med å rekruttere tidlegare barnevernsbarn .....	22
3.7 Etikk.....	23
3.8 Kvalitet .....	24
3.9 Før-forståing .....	25
3.10 Member-checking.....	25
3.11 Metode kritikk .....	26
3.12 Analyse .....	26
4.0 Empiri, analyse og drøfting.....	29
4.1 Dei tilsette.....	30
4.1.1 Kristin .....	30
4.1.2 Kåre .....	31
4.1.3 Knut.....	32
4.2 Å legge til rette for tilhøyrs感 og tryggleik .....	33
4.2.1 Aktivitet .....	33
4.2.2 Skule .....	36
4.2.3 Ferdigheiter .....	39

4.2.4 Omsorg.....	43
5.0 Oppsummering og konklusjon .....	51
Kjelder .....	55
Vedlegg .....	59
Vedlegg 1.....	59
Vedlegg 2.....	63
Vedlegg 3.....	67
Vedlegg 4.....	69

## **1.0 Innleiing**

I denne studien har eg sett på korleis tilsette arbeider med det å legge til rette for at ungdom skal oppleve tilhøyr og tryggleik når dei bur i institusjon, og dei refleksjonane eg har gjort meg rundt den jobben dei gjer. Eg valgte å ta i bruk kvalitative intervju for å sjå på dette, og gjennomførte intervju med tre tilsette som arbeida ved barnevernsinstitusjonar. Dette temaet valgte eg ut i frå eigne erfaringar knytt opp til emnet. I ungdomstida kom eg indirekte sjølv i kontakt med barnevernet og institusjonskvardagen, dette gjennom at vener av meg opplevde å bli plassert på institusjon. Eg såg at dei tilsette gjorde ein god jobb, men at det nok var enkelte ting som dei kunne ha gjort betre. Institusjonskvardagen var noko som påverka kameratane mine, og eg såg at dei sleit med skulekvardagen som ei følgje av det. Dei brukte lenger tid på utdanningsløpet, og ingen av dei viste nokon interesse for høgare utdanning. Dette gjorde meg motivert for å finne ut meir om dette, og fekk meg til å ta ei utdanning innanfor eit fagområde der eg betre kunne forstå kva som kunne ligge bak. Eg byrja med å studere sosiologi, og bytta etter kvart over til pedagogikk. I bacheloroppgåva mi i pedagogikk valgte eg å skrive om korleis unge vaksne som hadde budd i institusjon opplevde læraren sin innverknad på motivasjon i denne perioden av livet deira. Eg oppfatta frå intervjuat institusjonspersonellet var personar som dei unge oppfatta som viktige i deira eigen kvardag, og at dei opplevde relasjonen med dei tilsette som betydningsfull for dei som person. Etter dette valgte eg å ta ein master innanfor spesialpedagogikk for å få ei forståing om korleis ein kunne legge til rette for ein betre skulekvardag for ungdom som enten frivillig eller under tvang vert plassert på institusjon.

Interessa mi for denne studien vart vekka av ein artikkel eg las skriven av Skilbred og Iversen (2014) som omhandla ungdom som hadde budd i fosterheim og tatt høgare utdanning. Ein kjernefaktor for at dei unge hadde valgt å ta høgare utdanning var at dei hadde opplevd tilhøyr og tryggleik frå lærarane og fosterforeldra deira. Dette var med på å legge til rette for at dei opplevde mestring i skulekvardagen, og gjorde dei motivert for å ta høgare utdanning. Eg ønska difor å undersøke korleis dei tilsette innanfor ein barnevernsinstitusjon opplever det arbeidet dei gjer knytt til desse kjernefaktorane, og kva dei ser på som viktig for å kunne få det til. Tilhøyr og tryggleik er to dimensjonar av same sak, og er begge subjektive oppfatningar som kvar enkelt person oppfattar forskjellig. Ein kan likevel tenkje seg til at dei innehar visse fellestrekks som ein kan overføre frå ein setting til ein annan og som kan vera retningsgivande for korleis kvar enkelt kan oppfatte dei. Tilhøyr bygger på korleis ein føler at

dei behova ein har for sosiale relasjonar, respekt, anerkjenning og omsorg vert ivaretatt, og i kva grad ein har moglegheita for å vera med på forme sin eigen kvardag. Tryggleik bygger og på mange av desse dimensjonane, men vil og ta utgangspunkt i kva grad ein person får moglegheita for å ta del i ein strukturert og føreseieleg kvardag med faste rammer og reglar (Folladal, 2015; Larsen, 2004; Skilbred & Iversen, 2014). Ein kan likevel sjå for seg at tilsette som arbeider innanfor ein institusjonell setting berre sit med «halve kortstokken» med tanke på det å legge til rette for at dei unge skal oppleve tilhør og tryggleik. Dei unge har ofte med seg erfaringar og livsopplevelingar som kan gjere det vanskeleg for dei unge å tilpasse seg den kvardagen dei møter innanfor institusjonen, og den verda som dei møter utanfor i form av skule og samfunn.

Sjølv om det har vore ein nedgang innanfor kor mange unge som enten frivillig eller med tvang vert plassert i institusjon i nyare tid, og eit større fokus på plassering i fosterheim og hjelpetiltak i heimen; er det fortsatt mange unge som opplever plassering utanfor heimen i form av barnevernsinstitusjon. Tal fra Statistisk sentralbyrå (SSB) viser at det i 2014 var 1227 barn og unge plassert i institusjon, og 437 900 registrerte opphaldsdagar i barnevernsinstitusjonar (Dyrhaug, 2015)<sup>1</sup>. Egelund og Hestbæk (2003) legg fram at barn og unge som bur i institusjon i Danmark som regel får eit dårlegare opplæringstilbud enn det andre barn og unge får. Ein kan difor tenkje seg til at det å vera under barnevernet si omsorg medfører ein viss risikofaktor, men at dette er noko som ikkje kjem som følgje av plasseringa, men heller av livssituasjonen. Dette kan nødvendigvis ikkje overførst direkte til Norske forhold, men ser ut til å bli støtta opp av funn gjort i ein studie om barnevernsbarn i Norge frå 1990 – 2005(Clausen & Kristofersen, 2008). Clausen og Kristofersen (2008) fann at berre 18,8 prosent av dei som hadde budd i institusjon gjennomførte studiespesialiserande utdanning, og at berre 4,1 prosent byrja på høgare utdanning. Dette er problematisk, då utdanning er ein av dei faktorane som kan vera med på å legge til rette for å forebygge ei negativ utvikling og sikre eit positivt livsløp i vaksen alder (Befring, 2012). Trivsel i skulen er sentralt for dette, og for å legge til rette for det må dei unge oppleve ein positiv kvardag der dei bur, og ein positiv relasjon til dei personane som tar vare på dei. I ei studie gjennomført blant unge i Storbritannia som hadde budd minst eit år i barnevernsinstitusjon eller fosterheim vart det lagd vekt på at ein viktig faktor for skuletrivsel og skulemestring var at dei unge

---

<sup>1</sup> Sortert talmateriale for 2015 var ikkje tilgjengeleg då teksten vart skriven.

hadde nokon som støtta dei. Tilsette ved institusjonen vart løfta fram som personar som hadde ei spesiell stor innverknad på dei unge sin trivsel, dette i form av at dei viste at dei brydde seg. Det at dei viste interesse og oppmuntring når dei unge ikkje var motivert vart trekt fram som ein viktig faktor for at dei unge skulle oppleve mestring (Martin & Jackson, 2002). Funna her er interessante, og sjølv om det kan vera forskjellar i forhold mellom Norge og Storbritannia som gjer at dei ikkje kan direkte overførast, så opnar dei for å stille spørsmål rundt korleis tilsette i Norske barnevernsinstitusjonar arbeider.

Problemstillinga denne studien vil svare på vert difor: Korleis arbeider tre tilsette ved barnevernsinstitusjonar med å legge til rette for at ungdommane dei har ansvar for opplever tilhøyr og tryggleik i kvardagen?

Eg vil og svare på nokre underspørsmål:

- Korleis bruker dei tilsette aktivitetar i møte med dei unge for å bygge tilhøyr og tryggleik?
- Korleis opplever dei tilsette skulen si innverknad på dei unge si oppleving av tilhøyr og tryggleik?
- Kva ferdigheiter legg dei tilsette vekt på i arbeidet med å legge til rette for tilhøyr og tryggleik?
- Korleis spelar omsorg inn i det arbeidet dei tilsette gjer for å legge til rette for tilhøyr og tryggleik?

Litteraturen som eg har valgt for å belyse spørsmålet som problemstillinga stiller er i hovudsak henta frå spesialpedagogiske kjelder omhandlande læringsmiljø og forebygging av sosioemisjonelle vanskar i skulen (Befring, 2012; Ogden, 2009; Skaalvik & Skaalvik, 2005; Stensæth, Wold, & Mjelv, 2012), men og frå kjelder som har eit fokus meir retta mot sosialt arbeid og korleis ein kan legge til rette for positiv utvikling hjå unge i ein utsett situasjon (Borge, 2010; Gjertsen, 2003; Golding, 2008; Larsen, 2004; Storø, 2008). Eg har også valgt å ta for meg kjelder knytt til teori om sosiale nettverk og identitetsutvikling (Berger & Luckmann, 2000; Bø & Schiefloe, 2007; Erikson, 1968; Habermas, 1987; Maslow, 1970; Rye, 2013). Alle kjeldene har eg valgt ut for å belyse heimefaktorane og skulefaktorane som kan spele

inn i det arbeidet som dei tilsette gjer for dei unge si oppleving av tilhøyr og tryggleik. For å kunne svare på problemstillinga må ein fyrst ha ei omgrepssavklaring på kva som ligg i omgrepa ungdom, barnevern, og institusjonar.

## **1.1 Barnevernet og institusjonar**

Når dei tilsette i barnevernsinstitusjonane arbeider med å legge til rette for tryggleik og tilhøyr hjå dei unge dei har ansvaret for så er det blant anna regulert av barnevernslova (Barnevernloven, 1992). Barnevernets hovudmandat er styrt av barnevernslova, og bygger på grunnprinsippet om «å sikre at barn og unge som lever under forhold som kan skade deres helse og utvikling, får nødvendig hjelp og omsorg til rett tid, og å bidra til at barn og unge får trygge oppvekstsvilkår» (§ 1-1 i Barnevernloven, 1992). Kva aldersgruppe som er rekna som barn og unge er eit definisjonsspørsmål, og eg vil i denne studien ta utgangspunkt i FN's barnekonvensjon sin definisjon av kva barn og unge er (Barne- og familiedepartementet, 2003). Barnekonvensjonen legg til grunn at barn og unge skal vera alle personar under 18 år. Denne omgrepssavklaringa vert og tatt i bruk av Norsk Institutt for Forsking om Oppvekst, Velferd og Aldring (NOVA) (Backe-Hansen, 2011).

Barne-, ungdom- og familieetaten har etter § 5-1 i lov om barnevernstjenester (1992) ansvaret for institusjonane i Norge, og dette er eit statleg ansvar. Det er likevel rom for mange forskjellige eigarskap, både statleg, kommunalt og privat. Desse må likevel godkjennast av barne-, ungdom- og familieetaten som følgje av § 5-8 i same lov. Institusjonane kan ha mange forskjellige målgrupper, og kan ha mange forskjellige omsorgstilbod (Gautun, Sasaoka, & Gjerstad, 2006). Ein barnevernsinstitusjon er eit tiltak med korte eller lengre periodar for opphold. Institusjonane sine brukarar er som regel i alderen 12 til 18 år, då barn yngre enn dette blir prioritert for plass i fosterheim. Ophaldet på institusjonen er regulert ut frå føremålet med institusjonen. Føremåla kan blant anna vere bustad for unge som av ulike årsakar ikkje kan bu heime hjå foreldre eller i fosterheim (omsorgsplassering), medan andre er for unge som kan ha åtferds- eller rusproblematikk. Det finst og institusjonar som er spesialisert i akutt- og utredningstiltak for unge som treng hjelp på kort varsel (Barne- og likestillingsdepartement, 2014). Gjennom lov om barneverntjenester vert det og lovfesta at spesielle omsyn skal takast for å sikre barnets beste. Dei unge skal sikrast ein stabil og god vaksenkontakt, der det er kontinuitet i omsorga som vert gjeve. Det vert og lagd vekt på at dei

unge skal ha moglegheita for å vera med å bestemme over eigen kvardag, og det skal leggast til rette for samtalar med dei unge (§ 4-1 i Barnevernloven, 1992). Med utgangspunkt i dette vil eg ta for meg korleis tilsette som arbeider med ungdom i barnevernsinstitusjonar i praksis legg til rette for det som vert lagd vekt på som mål for arbeidet. Eg vel å ta for meg tidlegare forsking for å få innsyn i kva faktorar som dei unge og dei tilsette la vekt på som viktige for tilhør og tryggleik, og korleis dette vart gjennomført i praksis.

## **1.2 Tidlegare forsking**

Tidlegare forsking vil vera med på å legge grunnlaget for å sjå korleis andre forskrar har sett på samanhengen mellom tilhør og tryggleik hjå ungdom som bur på institusjon i regi av barnevernet. Dette vil gje ein peikepinn på kva teoretisk utgangspunkt som vert valgt for å belyse problemstillinga.

I brukarundersøkinga frå 2006 (Gautun et al., 2006) kom det fram at relasjonen til dei tilsette på institusjonen var ein svært viktig faktor for trivselen til dei unge. Trivselen til dei unge var direkte knytt opp mot i kva grad dei følte at dei kunne snakke med dei tilsette, og i kva grad dei følte seg trygge på institusjonen. I evalueringssrapporten av barnevernsreformen frå 2004 som vart gjennomført av NOVA i 2011 (Backe-Hansen, 2011) vart § 4-1 i Barnevernloven (1992) løfta fram. Det vart lagd vekt på kontinuiteten i behandlingsopplegget skulle styrkast, slik at dei unge ikkje opplevde unødvendige flyttingar, og at det skulle leggast til rette for at dei unge skulle ha moglegheita for å «skape et hjem» (Backe-Hansen, 2011, s. 367). Med dette la dei vekt på at dei unge skulle oppleve familieliknande daglegliv knytt til omsorg, rutinar, og aktivitetar. Dei tilsette som arbeida i institusjonen vart sett på som særsviktige for å få dette til. Ved å ha eit styrka fokus på dette kunne ein legge til rette for at dei unge opplevde tryggleik i kvardagen.

I masterstudien gjennomført av Horneman (1996) om korleis unge i institusjon opplevde dei tilsette, vart det lagd vekt på at relasjonen mellom dei unge og personellet var ein svært viktig faktor for dei unge sin trivsel. Dei unge la vekt på at dei trengte vaksne som var der for dei når dei trengte å prate, og som kunne utfordre dei til å strekke seg lenger. Dei tilsette vart og trekt fram som svært viktige i Folladal (2015) sin masterstudie om unge som hadde budd i

institusjon. Her vart det lagd vekt på at alle dei tre informantane hadde knytt ein nær relasjon til minst ein av dei tilsette. Begge studiane la vekt på at dei unge måtte oppleve den omsorga som dei tilsette gav som ekte, og at det ikkje berre var ein jobb for dei. Felles for all forskinga som er gjort er at dei tilsette må legge vekt på relasjonen mellom dei og dei unge. Det vert og lagd vekt på at omsorg, stabilitet, og oppleving av å høyre til må vera i fokus i det arbeidet som dei tilsette gjer. Dette arbeidet vil vera prega av lovverk som blant anna Barnevernloven (1992), men og offentlege utredningar og stortingsmeldingar som vil opptre som eit mandat for dei ønskelege holdningane og det arbeidet som dei tilsette gjer. Dette vil eg ta for meg i neste avsnitt.

### **1.3 Styringsdokument**

Dei styringsdokumenta som ligg til grunn for dei tilsette sitt arbeid er blant anna grunna i prinsipp knytt til kva dei skal fokusere på i arbeidet, og kva utdanninga og faget skal legge vekt på. I NOU 2012:5 (2012) vart det tatt ei evaluering av korleis det biologiske prinsipp skule tolkast innanfor blant anna juridisk, historisk, genetisk, utviklingspsykologisk og sosiokulturelt perspektiv for å få til ei betring av barnevernet. Det biologiske prinsipp bygger på i prinsippet om at unge skal få lov å vekse opp med foreldra sine, og at kontakt skal oppretthaldast sjølv om dei unge ikkje kan bu hjå foreldra. Utfallet av evalueringa var at det vart lagd vekt på eit nytt prinsipp knytt til utviklingsfremmande tilknytting og omsorgsovertaking. Der skal ein ta høgde for i kva grad tilknyttinga og relasjonen mellom foreldra og dei unge er utviklingsfremmande, alvorlegheitsgrad og stabiliteten av omsorgssvikt, og omsorgspersonane sine eigenskapar. Det vart lagd vekt på større oppfølging og rettleiing av foreldre med barn under barnevernet si omsorg (NOU 2012:5, 2012). Dei tilsette som arbeidar i institusjonen må difor ta høgde for dette i det arbeidet som dei gjer med dei unge. Familien si rolle i dei unge sitt liv, og korleis institusjonen og personellet skal framstille seg for dei unge er noko som kan tenkjast å spele inn på dette. Familien har gjennom det biologiske prinsipp vore sett på som ei viktig kjelde for dei unge si oppleving av tilhør og tryggleik, både i heimen og i skulekvardagen. Ein kan difor tenkje seg til at dei tilsette må ta høgde for dette i det arbeidet dei gjer. Ein annan faktor som speler inn på korleis dei tilsette er med på å legge til rette for dei unge sitt kvardagsliv er den faglege kompetanse som dei innehavar.

I NOU 2009:8 (2009) vart det lagd vekt på at gjennom å få til ei kompetanseheving og kvalitetssikring innanfor barnevernsfaglege utdanningar kunne ein legge til rette for å sikre at barn, unge og familiene deira får tilstrekkeleg hjelp i møte med barnevernet. Denne la og opp til ei kompetanseheving innanfor sosialfagleg utdanning, med eit fokus på ei meir praksisnær og forskingsbasert utdanning. Det vart lagd vekt på at gjennom utdanninga skulle ein legge til rette for at tilsette i barnevernet skulle få ei relevant fagleg innsikt, hensiktsmessige ferdigheitar, og tilstrekkeleg gode holdningar (NOU 2009:8, 2009). Det arbeidet som dei tilsette gjer vil stor grad vera styrt av desse føringane. Fokuset på ei meir praksisnær og forskingsbasert utdanning vil vera med på legge til rette for at dei tilsette kan møte dei unge med ei forståing om kva dei treng for å legge til rette for ei positiv utvikling. Ein kan tenkje seg til at ved å vera bevisst det å legge til rette for ein trygg skulekvardag, der dei unge opplever at dei hører til, kan ein gjennom dette vera med på å legge til rette for at dei unge kan dra nytte av den positive innverknaden som utdanning har på livskvalitet.

#### **1.4 Målet med studien**

Med denne studien tek eg sikte på å sette barnevern, og spesielt korleis arbeid med barn og unge som bur i institusjon vert gjennomført, på dagsordenen i samfunnet. Målet med dette er å sette fokus på det arbeidet som dei tilsette gjer for å legge til rette for ei gruppe som kan oppleve marginalisering i samfunnet. Som spesialpedagog vil eg og prøve å opne for ein diskusjon rundt korleis dette arbeidet kan utformast for at ein best mogleg kan ivareta dei unge i ein skulesituasjon. Gjennom dette håper eg at andre og kan få interesse av å forske på korleis kvardagen er for barn og unge som bur i institusjon.



## **2.0 Teori**

I denne delen vil eg ta for meg korleis resiliens og førebygging, Maslows behovshierarki, sosial kompetanse, fagleg og personleg kompetanse, nettverk og sosialt konstruert identitet, og livsverda og systemverda spelar inn i det arbeidet som dei tilsette gjer for å legge til rette for at dei unge skal oppleve ein trygg kvardag der dei føler at dei høyrer til.

### **2.1 Resiliens og førebygging**

I arbeidet som dei tilsette gjer med dei unge for å legge til rette for tilhør og tryggleik vil delar av dette arbeidet omfatte det å redusere risikofaktorar, og å legge til rette for ei resiliensutvikling hjå dei unge. Dette er viktig då det kan vera med på å legge til rette for eit positivt livsløp. I løpet av livet vil ein komme borti beskyttelses- og risikofaktorar som vil spele inn på korleis ein person kan utvikle seg. Risikofaktorar kan ha ein negativ innverknad på den enkelte sitt liv, og beskyttelsesfaktorar har innverknad i form av å skjerme eller ta vekk risikofaktorane sin negative innverknad. Dette gjennom å tilføre noko som hjelper den enkelte i kvardagen. Risiko- og beskyttelsesfaktorar finn ein både på individ, nettverk og systemnivå, og dei vil alle ha ein innverknad på kvarandre (Befring, 2012). Direkte oversett frå engelsk kan «resilience» forklaraast som motstandsdyktigheit, eller evna til å sprette tilbake til sin naturlege form etter stress (Resilience, u.å). «Resilience» eller den fornorska forma «Resiliens» kan som omgrep kort forklaraast som eigenskapar i miljøet, familien, gener eller i barnet sjølv, som kan vera med på å minske og motverke innverknaden av risikofaktorar. Psykisk stress i kvardagen, som er noko som ungdom kan oppleve, er eksempel på ein risikofaktor som resiliens kan vera med å forebygge. Resiliens er eigenskapen å kunne leve eit normalt fungerande liv etter at ein har vorte utsett for noko vanskeleg eller traumatiske (Borge, 2010).

Ein resiliensfremmande faktor i barn og unges liv kan vera det å kunne dra nytte av ein «sikker base». Dette bygger på dei unge si oppleving av det å vera ein del av eit sosialt nettverk, der dei gjennom å knytte seg til personar som viser dei tillit og stabilitet i kvardagen er med på gje dei eit tryggare tilvære. Ein sikker base kan sjåast på som eit trygt utgangspunkt som barn og unge både fysisk og metaforisk kan utforske verda frå (Golding, 2008). Den gjev moglegheita for å prøve seg fram, for så å kunne kome tilbake til noko som er trygt og kjend

frå før. Gilligan (2000) argumenter for at dette også vil gjera seg gjeldande for ungdom, då dei er i ein periode i livet der dei opplever usikkerheit knytt til det å danne identitet og å finne ut kven dei skal vera.

Gilligan (2004) legg vidare vekt på at sjølv om det er ønskeleg at barn og unge føler seg knytt til dei som er å sjå på som hovudomsorgsgivar, som for eksempel foreldre, kan det i tilfelle der dei unge opplever ustabile tilknytingsforhold hende at mindre viktige tilknytingsforhold vil få ei større betyding for dei unge si oppleving av det å ha ein trygg base. Det at dei unge ikkje føler at deira behov for tilhør, tryggleik og stabilitet vert innfridd gjennom den tilknytinga dei har til hovudomsorgsgivaren, kan vere med på at dei søker dette hjå andre. Kauaistudien som vart gjennomført på Hawaii viste at barn og unge som vaks opp med vanskelege heimesituasjonar likevel kunne oppleve meiningsfulle tilknytingsforhold til blant anna lærarar og andre vaksne som viste interesse for dei unge sitt liv (Werner & Smith, 1992). Relasjonen mellom dei tilsette og dei unge kan sjåast på som ein erstatning for den trygge basen dei ville ha opplevd heime. Dei unge kan gjennom den oppleve å bli akseptert, sett og elsk, og dette kan legge til rette for at dei unge har ein større sjanse for å mestre omgivnadane sine (Ainsworth, 1988; i Thrana, 2013). Tenkt ut frå ein spesialpedagogisk setting kan ein sjå for seg at denne mestringa kan vera med på å legge til rette for positive mestringsopplevelingar i skulesamanheng.

Gilligan (2000) legg vekt på at positive erfaringar i skulesamanheng og deltaking i fritidsaktivitetar kan fungere som ein beskyttelsefaktor i barn og unge sitt liv. Dette kan ha ein resiliensfremmande effekt (Gilligan, 2000). Ein kan difor hevde at gjennom å fokusere på at barn og unge innanfor barnevernet får moglegheita til å positive opplevingar innanfor ein skulesamanheng, kan ein vera med på å minske innverknaden av risikofaktorar i livet deira. Dette kan auke sjansen for at dei får ei positiv utvikling i livet, og ei normal fungering i vaksen alder. Men for å legge til rette for at unge skal få ein god skulekvardag må ein legge til rette for at dei trives der dei bur.

## **2.2 Maslows Behovshierarki**

Dei tilsette må i arbeidet dei gjer vera bevisst dei behova som dei unge har, og korleis det spelar inn på dei unge sin kvardag. Gjennom å legge til rette for at dei unge kan stille dei behova dei har, så gjev dei tilsette dei unge moglegheita til å utvikle seg som personar.

Maslow (1970) deler desse behova inn i to kategoriar, mangelbehov og vekstbehov.

Mangelbehova er basale behov som mat og sovn, men og sikkerheit i kvardagen og behovet for tilhøyr, kjærleik og verdsetting. Desse behova må stillast for at ein skal få moglegheita for å kunne arbeide med vekstbehova. Vekstbehova på si side kan ikkje stillast, men er dei behova ein person har for personleg utvikling og meining i livet. Sjølvaktualisering, behovet for estetikk, og behovet for kunnskap og forståing er blant desse, og vil variere frå person til person (Maslow, 1970). Innanfor ein skulesituasjon vil det å ha ein trygg kvardag og det at ein opplever tilhøyr vera med på å legge til rette for at ein kan dra nytte av det som skulen har å tilby i form av sosiale og akademiske moglegheiter (Skaalvik & Skaalvik, 2005). Ein kan difor tenkje seg til at ein som spesialpedagog må ta høgde for at heimesituasjonen til dei unge kan spele inn på i kva grad dei unge mestrar og trivst på skulen. Det er difor viktig å vera bevisst det arbeidet som dei tilsette gjer for dei unge som er i ein vanskeleg situasjon. Sosial kompetanse er ein annan faktor som dei tilsette som arbeider på institusjon må vera bevisst i deira arbeid med unge.

## **2.3 Sosial kompetanse**

Dei tilsette må i arbeidet med dei unge vera bevisst den sosiale kompetansen til dei unge, og korleis den kan spele inn på deira oppleving av tilhøyr og tryggleik. Barn og unge som har budd i institusjon har ofte vakse opp i heimar der dei har vore i ein utsett situasjon, og der dei ikkje har fått moglegheita for utvikle hensiktsmessige strategiar knytt til det å øve opp sosial kompetanse (Larsen, 2004). Dei unge vil innanfor ein skulesamanheng kunne tenkjast å møte situasjonar der dei har behov for sosial kompetanse for å kunne dra nytte av det sosiale og faglege som skulen har å tilby (Ogden, 2009). Sosial kompetanse er noko som er viktig for alle å inneha. Det kan sjåast på som speleregular for korleis ein skal oppføre seg i møte med andre. Gjennom leik og aktivitetar kan ein la dei unge få moglegheita til å ha det kjekt saman i eit fellesskap, samtidig som ein øver på ferdigheitar som er viktige for sosialt samspel med andre. Dei ferdigheitene ein lærer gjennom dette kan sjåast på som eit heilskapleg mønster som påverkar den sosiale forståinga ein har, og korleis ein vel å oppføre seg rundt andre

(Storø, 2008). Gresham og Elliott (1990; i Ogden, 2009) legg vekt på fem dimensjonar knytt til sosial kompetanse: samarbeid, positiv sjølvheving, sjølvkontroll, empati, og ansvarskjensle. Dette er eigenskapar som vil vera særstakt viktige for å kunne ha ei normal sosial fungering i både i ung og voksen alder. Ein kan tenkje seg til at det vil vere sentralt i det å kunne fungere innanfor arbeidslivet, der samarbeid er noko som vert lagt vekt på. Ein kan også tenkje seg til at det vil ha innverknad på i kva grad ein greier å innleie og halde på vennskap og relasjonar, noko som er viktig for ein person si oppleving av tilhøyr. Dette er noko dei tilsette må vera bevisste i det arbeidet dei gjer med dei unge.

Larsen (2004) legg vekt på at ved å ta i bruk ei miljøterapeutisk tilnærming kan dei tilsette legge til rette for at dei unge kan få moglegheita til å arbeide med seg sjølv gjennom eit møte med tydlege og stabile grenser, og eit relasjonelt innhald som har eit fokus på å ivareta og bekrefte dei positivt. Dårleg integrerte barn og unge får moglegheita til å utvikle ein forbetra sosial kompetanse og større sjølvstende gjennom at institusjonen tilbyr eit miljø prega av gjentatt struktur og relasjonar som vert opplevd som truverdig for dei unge (Larsen, 2004). Dette kan det leggast til rette for gjennom at dei unge opplever at dei har ein trygg base i institusjonen og dei tilsette. Dei tilsette kan gjennom å fokusere på sosial kompetanse gje dei unge ein moglegheit for å oppleve å høyre til, og gjennom dette legge til rette for ein trygg kvardag.

## 2.4 Fagleg og personleg kompetanse

Unge som oppheld seg innanfor ein institusjonell setting i regi av barnevernet kan ha opplevd situasjonar med omsorgssvikt og/eller overgrep, eller kan ha andre tilknytingsforstyrningar. Det er difor viktig at dei tilsette som arbeider ved institusjonen innehavar visse ferdigheiter knytt til det å opprette og oppretthalde relasjonar til dei unge (Gjertsen, 2003). Dei tilsette må for dei unge opplevast som kongruente og stabile voksenpersonar, som maktar å halde det dei lover. Larsen legg vekt på at ein som miljøterapeut må vera «en syntese av en rolle og en person» (2004, s. 119). Dei tilsette må evne å balansere personlege eigenskapar opp mot formelle og uformelle kvalifikasjonar, og formelle erfaringar frå eige liv. Dette skal vera med på å legge til rette for at ein er klar over kva som skal til for å bygge ekte relasjonar, og kva som må ligge til grunn for at dei unge skal oppleve anerkjenning, likeverd og respekt (Gjertsen, 2003). Højlund (2011b) legg vekt på at gjennom at institusjonen vert opplevd som

ein heim for dei unge kan ein vera med på å gje dei unge moglegheita for å knytte røter til institusjonen, og gjennom det oppleve tilhør til den. Dette meiner ho vil ha ein innverknad på den identitetsdanningsprosessen som dei unge går gjennom. Højlund (2011a) legg og vekt på at gjennom å ta i bruk ein pedagogisk samtaleform der ein aktivt involverer dei unge så kan dei tilsette vere med på å myndiggjere dei unge, samt vere med på å forme den identiteten som dei unge tillegg seg sjølv. Højlund (2011a) legg vekt på at det ofte kan oppstå ei misforståing mellom dei tilsette og dei unge om mål, og der dei tilsette ikkje får til å formidle samanhengen mellom det å sikre seg ei utdanning, og det å bygge ein stabil kvardag. Dette er noko som dei tilsette må vere klar over, og dei må formidle kvifor denne samanhengen er viktig til dei unge.

Kjærleik er eit sentralt aspekt i relasjonen mellom institusjonspersonellet og dei unge, og kjærleik i form av det å føle at ein er meir enn ein jobb. Relasjonen mellom dei unge og dei tilsette må opplevast som ekte og truverdig. Det at sosialarbeidaren viser at dei anerkjenner og aksepterer dei unge er ein viktig faktor i relasjonen dei i mellom, og i kva grad dei unge opplever å høyre til (Thrana, 2013). Kjærleik er og ein dimensjon som ein kan knytte til omsorg. Omsorg kan ifølge NOU 2011:10 (2011) delast inn i to område, både eit materielt og eit følelsesmessig aspekt. Den materielle omsorga er knytt til pass, pleie og basale behov, medan den følelsesmessige omsorga er knytt til relasjoner og nærliek gjennom det å vise interesse og omtanke. Ein kan tenkje seg til at begge omsorgsformene må vere til stades innanfor ein formell institusjonell setting for at dei unge skal kunne oppleve tilhør og tryggleik, og dermed har moglegheit for å utvikle seg. Ei av desse utviklingsmoglegheitene og ei kjelde til tilhør og tryggleik kan ein finne innanfor bruken av felles aktivitetar. I møte med unge må ein vera opptatt av kva slags aktivitetar dei interesserer seg for. Dette kan legge til rette for at dei unge opplever mestring, og kan legge til rette for positive opplevingar, oppøving av sosial kompetanse, og moglegheita for å bygge relasjoner (Larsen, 2004; Ogden, 2009; Storø, 2008). Storø (2008) legg vekt på at som sosialpedagog må ein sjå kva aktivitetar som dei unge er opptatt av, for så å innlemme det i sin eige interessesfære. Aktivitet treng ikkje å vera berre knytt til det fysiske rom. Estetiske fag som for eksempel musikk kan ha ein relasjonsbyggande, motiverande, strukturerande og tryggleiksskapande effekt i dei unge sitt liv (Krüger & Stige, 2013; Ruud, 1990; Stensæth et al., 2012). Sosialpedagogen og spesialpedagogen må difor vera villig til å møte dei unge på deira arena. Ei anna viktig kjelde

til dei unge si oppleving av tilhøyr og tryggleik ligg i det at dei opplever at dei er ein del av eit sosialt nettverk.

## **2.5 Nettverk og sosialt konstruert identitet**

I arbeidet med dei unge si oppleving av tilhøyr og tryggleik vil bevisstheita og ivaretakinga av dei unge sitt nettverk vera ein særskilt viktig faktor. Opplevd tilhøyr og sosial tilpassing gjennom positive sosiale nettverk kan vera med på å minske innverknaden av stress og bidra til positiv livskvalitet (Befring, 2012; Bø & Schiefloe, 2007). Gjennom å ha tilgang til gode fungerande personlege nettverk kan ein og ha moglegheita for å forebygge at psykososiale problem kan oppstå. Gjennom livet vil ein heile tida vera i kontakt med og bli påverka av andre menneske som ein møter gjennom dei sosiale relasjonane ein har i nettverket sitt. I følgje Berger og Luckmann (2000) er identitet noko som vert forma gjennom møtet mellom det sosiale miljøet som eit individ er ein del av, og dei subjektive tolkingane som kvar enkelt gjer seg av verkelegheita. Sosiale prosessar er med på å forme identiteten, og enkelte relasjoner kan vera med på å omforme den. Gjennom samhandlinga med andre tek individet opp i seg roller og holdningar, men også den andre si livsverd. I møte med andre menneske vil nokon relasjonar til ei kvar tid ha ei større betydning enn andre, dette er ifølge Berger og Luckmann (2000) personar som har ein spesielt stor innverknad på identitetsdanninga og meiningsdanninga i ein person sitt liv. Dei vel å kalle dei for signifikante andre, eller den «betydingsfulle andre».

Tidleg i livsløpet vil dette i all hovudsak vere avgrensa til foreldre og nære familie, men når ein vert eldre og kjem inn i ungdomstida vil dette og omfatte vener, og andre personar som dei unge føler har ei spesiell plass i deira liv og kvar dag (Bø & Schiefloe, 2007). I den nyare forståinga av denne tilnærminga legg ein og vekt på at ved at samfunnet i større grad har institusjonalisert primær-sosialisering, så kan ein tenkje seg til at autoritative figurar som er ein del av dei unge sitt liv også kan ha ein rolle som signifikante andre. Rye (2013) trekk fram at den rollen som læraren har i form av sin autoritative stilling vil ha ein viktig innverknad på identitetsdanninga til barn og unge. Ein kan difor sjå for seg at ungdom som flytter på institusjon vil kunne oppleve lærarar og institusjonspersonell som betydingsfulle andre. Larsen (2004) trekk fram dei tilsette som arbeider med dei unge som nokon som kan spele inn som betydingsfulle andre for dei unge. Erikson (1968) legg vekt på at ungdomstida er ein periode der unge prøver å forme den identiteten som dei ønsker å ha som voksen, og søker dermed autonomi gjennom å prøve ut forskjellige roller. Dei er i ein prosess med å forme den

identiteten som dei vil ha som vaksne (Erikson, 1968). Dette kan tenkjast å vera noko som er vanskeleg for ungdom som bur i institusjon, dette på grunn av den strukturerte kvardagen og mangelen på autonomi.

Unge som bur i barnevernsinstitusjonar kan og ha opplevd relasjonsbrot med familie og vene, noko som kan føre til unødvendig stress for dei unge. Jansen (2010) legg vekt på at det å bu i institusjon er med på å forme den oppfatninga som dei unge har av seg sjølv. Det er fort at dei unge føler seg stempla som «bråkmakarar» eller «offer» fordi dei bur i institusjon, og at dei difor, i leit etter normalitet, vil ha ein større fare for å internalisere åtferd eller holdningar som kan vere lite hensiktsmessig i møte med andre menneske. Dette er noko dei tilsette på institusjonen må passe på å ta høgde for. Den identiteten som dei unge skaper seg i institusjonen vil difor bære preg av at den vert påverka av det miljøet dei veks opp i. Dette kan tenkjast å ha ein innverknad på korleis dei unge oppfattar seg sjølv. I kva grad dei opplever tilhør til og spele inn på den identitetsdanningsprosessen som dei unge går igjennom. Dei tilsette kan her vera personar som dei unge ser til når dei prøver å forme si eiga forståing av seg sjølv og kva verdiar dei ønsker å stå for. Samtidig vil nok vene ha den største innverknaden på dei unge sine meininger i ungdomstida (Bø & Schiefloe, 2007). Dei tilsette kan likevel opptre som rollemodellar og trygge vaksne for dei unge. Dei tilsette innehar mange rollar i form av å vera både omsorgsperson og ansvarleg for oppsedinga, men samtidig ein profesjonsutøvar og profesjonell juridisk formyndar for dei unge. Dette er ei rolle som dei deler ilag med barnevernstenesta.

## 2.6 Livsverda og systemverda

I arbeidet med dei unge vil institusjonspersonellet inneha forskjellige rollar. Opplevingane til dei unge knytt til tilhør, tryggleik og eigen identitet vil vera prega av korleis dei tilsette maktar å balansere dei. Rollane vil bera preg av å høyre til livsverda og systemverda.

Omgrepa livsverda og systemverda bygger på tankane til Jürgen Habermas (1987) om korleis ein fortolkar verda og det at kvar enkelt person innehar ei bevisst oppleving av korleis verda er og skal vera. Livsverda bygger på korleis meiningsutveksling skjer mellom menneske, og den innverknaden det har på korleis ein kommuniserer seg imellom. Kvar enkelt si livsverd vil vera individuell og vil vera prega av dei tolkingane som dei gjer seg, og ingen vil vera like. Habermas (1987) meinte at etter kvart som samfunnet vart meir og meir byråkratisk og prega

av den kapitalistiske rasjonaliseringa så ville systemverda, i form av lover og reglar, vera med på å innskrenke livsverda. Han kalla dette for systemet sin okkupasjon av livsverda. Samvær mellom menneske ville ta opp i seg ein marknadsøkonomisk tankegang, der pengar og makt tek over for dei normene som var ibuande i livsverda.

Oppvekst og sosialisering vert meir og meir styrt av byråkratiske reglar og institusjonar, og dette kan vera med på å skape identitetsproblem og normforvirring (Gjertsen, 2003). Tysnes (2014) legg vekt på at innanfor eit barnevernsfagleg perspektiv vil livsverda kunne sjåast på som dei unge og familiene deira sin sfære, medan systemet er knytt til dei instansane som kan tenkjast å vera med på å forme lovverk og rettingslinjer. Dei tilsette kan tenkjast å bli plassert ein plass i midten, då dei både er ein del av livsverda og systemverda. Dei skal følgje reglane og føringane som statsforvaltinga har lagd fram. Samtidig legg Follesø (2005) vekt på at oppgåvene som barnevernet har ligg tett opp mot livsverda. Ein kan difor tenkje seg til at denne todelinga kan ha ein innverknad på korleis dei tilsette vel å arbeide med dei unge. Dei tilsette har i form av si stilling ein normativ innverknad på arbeidet dei gjer. Dette er eit todelt arbeid, der dei er knytt til det å følgje reglane som er sett av lovverket og det å korrigere dei unge sin åferd. Samtidig har dei eit ansvar overfor dei unge til å sikre at dei kan utvikle seg til sjølvstendige vaksne med ein eigen identitet.

Det teoretiske grunnlaget som har blitt presentert over er med på å legge til rette for ei forståing av dei tolkingane eg som forskar har gjort meg. Teorien rundt profesjon, identitet og nettverk var noko som eg beit meg merke i at dei tilsette la vekt på under intervjuet. I metodedelen vil eg gjere greie for korleis eg valgte å gjennomføre intervjuet med dei tilsette, og korleis eg som forskar kan ha hatt ein innverknad på forskingsprosessen.

### **3.0 Metode**

I denne studien har målet vore å få innsyn i opplevingane som informantane har knytt til det å legge til rette for unge sitt behov for tilhør og tryggleik. Eg val difor å ta i bruk ei kvalitativ tilnærming til undersøkinga, med spesielt fokus på det kvalitative halv-strukturerte intervjuet. Den kvalitative tilnærminga gjev moglegheiter for å få tak i detaljerte skildringar om det ein studerer, og gjennom å ta i bruk det kvalitative intervjuet kan ein få innsyn i livsverda til informantane. Gjennom dette får ein tak i den djupare meininga som kan ligge bak det informantane seier eller gjer. Dette vil vere med på å gje ei djupare innsikt i fenomenet som eg ønsker å studere (Postholm, 2010). Eg vil difor i denne delen av studien gå inn på kvifor eg har valgt å ta i bruk kvalitativ metode og kva dette inneber. Vidare vil eg kome inn på grunnen til at eg har valgt å ta i bruk det kvalitative semi-strukturerte intervju som datainnsamlingsmetode, og korleis dette gjekk for seg. Mitt valg om å ta i bruk fenomenologi og hermeneutisk-fenomenologi som vitskapsteoretisk utgangspunkt vil og verte presentert, og eg vil ta for meg korleis informantane vart rekruttert til studien, og kva vanskar som var knytt til dette. Dei etiske og kvalitetsmessige utfordringar som eg møtte i utarbeidingsa og gjennomføringa av prosjektet vil eg og gå inn på, og kvifor eg valgte å ta i bruk member-checking som eit verktøy for å sikre kvalitet i arbeidet. Til slutt vil eg gå inn på kva analyseverktøy som vart tatt i bruk for å analysere og kategorisere intervjuet, og min eigen kritikk av val av metode, og korleis dette har vore med på å påverke prosjektet.

### **3.1 Kvalitativ metode**

Kvale og Brinkmann (2015) legg vekt på at det er problemstillinga som vil vera retningsgivande innanfor eit forskingsprosjekt når det kjem til valg av metode. Sidan problemstillinga i denne studien tek sikte på å sjå på kva dei tilsette gjer for å legge til rette for tilhør og tryggleik så vart dette retningsgivande for at kvalitativ metode vart valgt. Den kvalitative metoden med sitt fokus på djupe skildringar, tolkingar og detaljar frå få informantar si livsverd var å føretrekke då det var informantane sine opplevingar som skulle vera i fokus. Og det var difor viktig at dei fekk gå i detalj om dei. Innanfor ei kvalitativ tilnærming til forsking er det menneske og livsverda deira som står i fokus. Difor vil det i dei fleste tilfelle vera innforstått at den verda som ein studerer er eit produkt av den sosiale verkelegheita som me lever i og er deltakarar i. Sann kunnskap vert forma gjennom møte

mellan menneske og den kunnskapen kan ein gjennom kvalitativ metode prøve å gjengi for andre (Postholm, 2010).

### **3.2 Kvalitativt intervju**

Eg valgte å ta i bruk kvalitative intervju for å svare på problemstillinga. Det kvalitative intervjuet legg til rette for at forskaren kan få eit innsyn i den livsverda som informantane har, og kva meningar og opplevingar informantane har knytt til det ein ønsker å forske på (Postholm, 2010). Eg valgte å ta i bruk ein semi-strukturert tilnærming til intervjeta, då dette kunne legge til rette for å best mogleg få innsyn i dei erfaringane informantane hadde knytt til temaet tilhør og tryggleik. Kvale og Brinkmann (2015) legg vekt på at intervjustituasjonen er ein samtale mellom forskaren og informanten, og graden av struktur vil vera med på å påverke i kva grad informantane får reflektert rundt forskingstemaet. Tilnærminga gjer det mogleg å halde samtalet innanfor eit gitt tema, og vart valgt for å sikre at både eg og informanten ikkje snakka oss vekk frå det som var fokusområdet i undersøkinga. Samtidig vert det mogleg for informantane å greie ut om deira tolkingar i detalj, og gjer det mogleg å følgje opp utsegna frå informantane som ikkje er tatt høgde for i intervjuguiden.

Intervjuguiden (sjå vedlegg 1) som vart tatt i bruk under intervjeta var utforma etter eit semi-strukturert prinsipp som Thagaard (2013) kallar for «elv med sidestrømmer». Metaforen for elva som vert tatt i bruk er eit fåtal overordna spørsmål som forskaren stiller informantane med stikkord som er relevant for problemstillinga knytt til kvart spørsmål som driv intervjuet framover. Sidestrømmene er eventuelle utsegn som kjem fram under intervjeta frå informantane som forskaren ser at kan vera av interesse, då kan ein følgje opp dei og få informantane til å greie ut om dei, for så å styre intervjuet tilbake på dei spørsmåla som er sett i intervjuguiden.

### **3.3 Korleis gjekk intervjeta**

Intervjustaden er ein viktig faktor i intervjuet. Settinga kan spele inn på i kva grad informantane slappar av og føler at dei kan fortelje meir fritt om korleis dei opplever det fenomenet ein ønsker å forske på (Kvale & Brinkmann, 2015). Eit av intervjeta i denne studien

valgte eg å gjennomføre heime hjå informanten, medan dei to andre vart gjennomført på institusjonen som informantene var tilsett på. Dette vart gjort for å sikre at informantane opplevde at dei kunne slappe av i kjente omgivnader. Informantane fekk sjølv velje kor intervjuet skulle skje, det einaste kravet eg stilte var at det måtte skje på ein plass der det var liten sjanse for at intervjuet kunne bli avbrote, slik at intervjuet kunne gå utan forstyrring. Dei to første intervjuet gjekk greitt og utan avbrot, medan det siste som vart gjennomført opplevde eit avbrot mot slutten. Avbrotet var kort, og intervjuet tok opp att rett etter på same plass som det slapp. Eg vurderte det difor til at det ikkje hadde hatt nokon innverknad på kvaliteten i intervjuet.

Forholdet mellom intervjuar og informant er noko som ein må ta høgde for når ein gjennomfører eit intervju. Intervjuaren sit med eit maktforhold i form av at ein kan stille spørsmål eller gje tilbakemeldingar til informantane for å prøve å styre svara som informanten kjem med (Kvale & Brinkmann, 2015). Nærleik og distanse er noko som forskaren må vera bevisst gjennom intervjuet. At ein går ein balansegang mellom det å sympatisere med informantane, og det å verte for fjern frå samtalens at informanten opplever at ein ikkje er interessert i det dei har å sei. Eg tok høgde for dette under intervjuet, og det vart lagd opp til å prøve å stille så opne spørsmål som mogleg, utan å ta i bruk leiande spørsmål. Det gjekk stort sett greitt, men til tider vart eg ivrig når eg følgde opp utsegn frå informantane som ikkje var i intervjuguiden. Dette kan difor ha hatt innverknad på dei svara som informantane kom med. Samtidig så må det tas høgde for at den informasjonen som kom ut av det å følgje opp svara frå informantane ikkje hadde kome fram med mindre eg hadde vist interesse for det. Eg trur difor ikkje det var med på å påverke kvaliteten av intervjuet nemneverdig. Intervjuguiden var utforma slik at det skulle vera mogleg å kunne følgje opp tema som ikkje var omfatta av den, og dette var i praksis det som skjedde.

Intervjuet vart tatt opp på lydband, og etter intervjuet vart dei transkribert av meg. Dette vart gjort for å sikre at det informantane sa kunne gjevast att så korrekt som mogleg, for å sikre kvaliteten i arbeidet (Kvale & Brinkmann, 2015). Eg tok eit bevisst valg om å transkribere intervjuet på nynorsk, så sant meininga i utsegna ikkje forsvann. Dette vart gjort for å sikre konfidensialiteten til informantane sånn at det skulle bidra til å sikre at dei ikkje kunne

indirekte identifiserast ut frå dialekt eller talemåte. Eg gjorde det og for å gjer analysen lettare, gjennom å ta vekk fyllord som for eksempel «ehm» og «hm» og få meir struktur i utsegna.

### **3.4 Fenomenologi, hermeneutikk og hermeneutisk-fenomenologi**

Denne studien tok sikte på å få innsyn i korleis tilsette la til rette for at ungdom skulle oppleve tilhør og tryggleik. Dei utsegna som informantane kom med var knytt til deira opplevingar av deira eigen profesjonsutøving og deira opplevingar. Opplevingar er subjektive, og det vert difor vanskeleg å finne objektive opplysingar knytt til det. Ei mogleg løysing på dette er å angripe problemet ved å ta i bruk ei fenomenologisk tilnærming, som bygger på tankane til Edmund Husserl, og vidareutvikla av mange andre i seinare tid. Fenomenologien er ei vitskapsteoretisk innfallsvinkel som tek sikte på å prøve å gje ei forklaring knytt til korleis fleire enkeltpersonar opplever eit fenomen (Postholm, 2010). Gjennom å ta i bruk ei fenomenologisk tilnærming til kvalitative intervju kan ein prøve å få tilgang til det som er essensen i eit fenomen, det uforanderlege, det som er unikt ved fenomenet. Ved å intervju informantane får forskaren innsyn i deira livsverd, og med utgangspunkt i denne kan forskaren bygge seg opp ei forståing av korleis verda er. Moustakas (1994) legg vekt på at ved å ta i bruk ei fenomenologisk tilnærming så ser ein på verkelegheita som subjektivt skapt, der verda og opplevingar er verkelege sett i lys av den som ser på dei. Innanfor fenomenologien er det forskaren som er det viktigaste verktøyet, då det er forskaren som skal gjere seg opp ei kvalifisert subjektiv mening ut frå dei utsegna som han eller ho vert presentert for gjennom møte med informantane si livsverd. Det å fortolke fenomenet går difor ut på at forskaren set saman og fortolkar alle dei forskjellige opplevingane som informantane har av fenomenet, og gjennom det kjem fram til essensen av det (Postholm, 2010).

Hermeneutikken ligg til fortolkingstradisjon og er med på legge grunnlaget for fenomenologien sin fenomenretta tradisjon, der ein leiter etter meaninga som ligg bak det ein ser på. Hermeneutikken vart fyrst tatt i bruk for å gje ein djupare forståing av det møtet som skjer mellom lesar og tekst, og kva slags fortolkingar lesaren gjer seg. Dette bygger på tankane som Hans-Georg Gadamer (2001; Lawn, 2006) har knytt til forståelseshorisont, før-forståing og den hermeneutiske sirkel. Det ein vel å fokusere på i møtet med ein tekst er styrt av kva ein kan frå før, dette er den forståelseshorisonten ein har. Ved å vere bevisst sine eigne før-forståingar kan ein og sjå etter kva ein ikkje ser på, og dermed få til ei djupare forståing av

det ein studerer. Alle sit inne med fordommar av det ein ser på, og berre gjennom å vera bevisst dei kan ein komme til djupare kunnskap. Det er denne prosessen ved å heile tida gå tilbake og vurdere delane opp mot heilskapsinntrykket for kvar gong ein får ny kunnskap som er den hermeneutiske sirkelen, og det er den som gjev ny innsikt. Sjølv om dette er ein metode for å studere tekst, kan det same teoretiske utgangspunktet brukast i møtet med informantar i kvalitative studiar, der ein prøver å fortolke kva informantane seier eller gjer (Van Manen, 1990).

Då fenomenologien er eit utspring med eit hermeneutisk utgangspunkt, så manglar den likevel fortolkingstradisjonen som ligg i hermeneutikken. I denne oppgåva vil eg difor ta i bruk ein hermeneutisk-fenomenologisk tilnærming for å fortolke utsegna til informantane. Den hermeneutisk-fenomenologiske ståstadan tek sikte på å fortolke informantane sine narrative forteljingar ut i frå forskaren sitt teoretiske utgangspunkt (Van Manen, 1990). Dette vert gjort gjennom å gjere greie for fortolkingar og før-forståingar som eg som forskar har, og sjå dei i ein prosess knytt opp mot dei narrative utsegna som informantane kjem med og dei fortolkingane dei sjølv gjer av si livsverd.

### **3.5 Valg av informantar**

Studien hadde som formål å komme i kontakt med tilsette som arbeida ved ein institusjon som hadde ungdom plassert av barnevernet som bebuarar. Det vart difor tatt i bruk ei strategisk tilnærming til rekruttering av informantane. Den strategiske tilnærminga legg opp til at ein tek i bruk ei målretta rekruttering av informantar som kan ha detaljkunnskapar om det ein ønsker å studere (Thagaard, 2013). Informantane vart difor rekruttert gjennom at det vart tatt kontakt med institusjonsleiarar ved forskjellige private institusjonar rundt omkring i Noreg. Dei vart informert om studien og kva som skulle forskast på. Dei fekk deretter informasjonsskrivet (sjå vedlegg 2) og tok vidare kontakt med tilsette som dei meinte kunne sitte inne med erfaringar rundt dette. Dei tilsette som ønska å delta tok deretter kontakt med meg gjennom dei moglegitene som vart lagd fram gjennom informasjonsskrivet.

Det vart vurdert at det var naudsynt med 3 informantar i studien. Dette vart gjort på grunnlag av Kvale og Brinkmann (2015) og Dukes (1984) sine retningslinjer for kor mange informantar

ein bør ha innanfor kvalitative studiar og fenomenologisk forsking. Kvale og Brinkmann (2015) legg vekt på at det i prinsippet ikkje er nokon grense for kor få eller kor mange informantar ein bør ha, så lenge ein greier å effektivt belyse det ein forskar på. Dei legg likevel vekt på at ein plass mellom 5 og 20 informantar kan vera ønskeleg innanfor kvalitativ forsking. Dei legg vekt på at om ein har for få kan ein ende opp med å ikkje gje ei god nok skildring av det fenomenet ein forskar på. Med for mange kan ein fort nå eit mettingspunkt der det ikkje kjem fram nokon ny informasjon gjennom intervjua, og at ein då ender opp med alt for mykje informasjon til at ein effektivt kan prosessere det. Dukes (1984) på si side trekk fram at ein innanfor fenomenologisk forsking er på leit etter opplevingane til dei ein forskar på for å sjå fenomenet som gjennom deira auger. Difor er det i prinsippet nok å ha ein informant, men at ein bør ha 2 eller 3 for å kunne sjå fenomenet i frå fleire vinklar. Det vart difor ut i frå desse rettingslinene valgt ut 3 informantar som kunne tenkjast å sitte på erfaringar som kunne vera relevante for problemstillinga.

### **3.6 Problemet med å rekruttere tidlegare barnevernsbarn**

Eg opplevde og ein del problem knytt til rekrutteringa av informantar til oppgåva i byrjinga. Fyrst ønska eg å sjå på korleis vaksne som tidlegare hadde budd i institusjon i regi av barnevernet hadde opplevd lærarane og institusjonspersonellet si innverknad på tilhøyr og tryggleik. Utvalgskriteriet var at dei måtte vere mellom 20 og 30 år, og ha budd på ein institusjon i ungdomskulealder. Eg prøvde å ta kontakt med forskjellige interesseforeiningar, samt med vene og kjente som kunne vite om potensielle informantar. Det var dessverre ingen som meldte seg, og eg måtte endre fokus i oppgåva. Eg tok og kontakt med forskjellige institusjonar som hadde som føremål å arbeide med ungdom. Der fekk eg som regel til svar at dei ikkje kunne sette meg i kontakt med informantar på grunn av teieplikt, men at dei gjerne kunne stille som informantar sjølve, og dette var med på å endre fokuset i oppgåva. Det kan vere mange forklaringar på kvifor ingen meldte seg. Temaet er sårt, og at det er vanskeleg å snakke om. Det at problemstillinga kan ha vore i vinkla i eit for positivt lys kan ha spelt inn på dette. Dei som sat på negative erfaringar og opplevingar kan ha opplevd at prosjektet ikkje omhandla dei. Det kan og ha vore at det var for få som hadde erfaringar knytt til det å bu i institusjon i ungdomskulealder, og gått på skule i same periode. Som forskinga viser så har mange som har budd i institusjon i denne perioden gått glipp av mykje skulegang, og difor ikkje opplevd å gå på skule i same periode som dei har budd på institusjon. Eg valgte difor å

ta kontakt med dei tilsette som arbeider på institusjonane, for å sjå korleis dei oppfattar situasjonen som dei unge er i, og korleis dei opplever det å vere ein hjelpar i dei unge sitt liv. Problemstillinga som eg arbeider ut i frå i studien bygger på denne endringa i fokus. Undersørsmåla som eg stiller kom til etter intervjeta med dei tilsette, og analysen av dei.

### 3.7 Etikk

Sidan denne studien tok sikte på å få innsyn i erfaringane til tilsette innanfor barnevernet vart det vurdert at det kunne oppstå visse etiske utfordringar som ein måtte ta høgde for. For å sikre at det vart gjort riktig vart «De nasjonale forskningsetiske komiteene» (NESH) sine rettingsliner etterfølgd (NESH, 2006, 2014). NESH legg i samarbeid med forskarstanden i Noreg fram rettingslinjer for kva som må ligge til rette for god kvalitet og etikk innanfor forsking. Det som måtte bli tatt spesielt høgde for innanfor denne studien var retten for informantane til konfidensialitet, kravet om informert fritt samtykke, og at tredjepartar ikkje skulle ufrivillig bli ein del av forskingsprosjektet. Konfidensialiteten til informantane vart sikra gjennom at informantane og eventuelle stadnamn som vart nemnd under intervjeta fekk tildelt pseudonym. Informantane fekk tildelt pseudonyma Kristin, Kåre og Knut. Alle stadnamn som vart nemnd fekk tildelt namn med forbokstav på S. Under transkriberinga vart utsegna som dei kom med skrive om til nynorsk, så sant meininga ikkje gjekk tapt frå utsegna. Indirekte personopplyingar som for eksempel situasjonar eller personopplysingar som kunne kjennast att vart omskrive ved transkribering. Dette vart gjort for å sikre at informantane ikkje skulle vera mogleg å kjenne igjen ut frå talemåte, eller informasjon dei gav om enkeltilfelle eller stadsopplysingar. Informantane vart på førehand av intervjeta informert gjennom informasjonsskrivet om kva prosjektet skulle omhandle og at deltaking var frivillig (sjå vedlegg 2). Dei fekk og informasjonen om moglegheita for å kunne trekke seg frå studien kor tid dei måtte ønske det, utan å måtte gje ein grunn for dette. Dei fekk og informasjon før intervjeta at intervjeta vart teke opp på band, og at dei når som helst kunne be om at opptakarutstyret vart slått av. Alle informantane valgte å samtykke, og ingen bad om at opptaket på noko tidspunkt skulle stoppast.

Sidan dette prosjektet omhandla personopplysingar vart det sendt inn ein melding til Norsk senter for forskingsdata (NSD), og prosjektet vart vurdert til å vera meldepliktig av NSD. Det vart difor sendt inn eit meldeskjema omhandlande studien. Kvittering for dette, samt epost-

korrespondanse er tatt med for å vise denne prosessen (sjå vedlegg 3 og 4). Nærare informasjon rundt etiske betraktingar vil vera å finne der.

Eg gjennomførte intervjeta med hjelp av ein bandopptakar. Intervjeta transkriberte eg ved hjelp av direkte avspeling frå opptakaren rett etter intervjeta, og opptaka vart difor ikkje overført til datamaskin. Etter at eg hadde transkribert vart opptaka sletta, dette som eit ledd i det å sikre anonymiteten til informantane.

### **3.8 Kvalitet**

Kvalitetskriteriene i studien bygger på rettingslinjene frå NESH (2014) samt tek utgangspunkt i Postholm (2010) sine omgrep knytt til kvalitet innanfor kvalitativ forsking. Postholm (2010) vel å ta i bruk omgrepa forståing, pålitelegheit, og nationalistisk generalisering. Forståelsen går på i kva grad forskaren maktar å vera bevisst sitt eige teoretiske utgangspunkt og ståstad, og i kva grad forskaren greier å legge til rette for at andre kan få innsyn i dette gjennom teksten.

Eg har gjennom denne teksten lagt til rette for at lesaren får innsyn i min teoretiske ståstad, og dei før-forståingane som eg har gjort meg. Før –forståinga vil bli gått vidare inn på i punkt 3.9. Pålitelegheita bygger på i kva grad ein kan gå prosjektet etter i sømmane, og om andre forskrarar har moglegheita for å komme fram til dei same slutningane ut frå det som vert presentert i arbeidet. Som vist i analysen vart kvart utsegn som var av betyding gjort greie for, og korleis dei stiller seg opp mot heilheita. Det vart og gjort greie for dei tolkingane som vart gjort på grunnlag av dei og den teorien som ligg til grunn. Den nationalistiske generaliseringa går på om den informasjonen som kjem fram kan ha nytteverdi innanfor liknande område. Mi vurdering er at dei utsegna og tolkingane som vart gjort innanfor dette prosjektet kan tenkjast å ha ein betyding innanfor liknande fagområde som arbeider med utsette grupper, sjølv om dei utsegna som vert presentert er av subjektiv karakter. Moustakas (1994) legg vekt på at innanfor ei fenomenologisk tilnærming så vil forskaren sine før-forståingar, fortolkingar og teoretiske utgangspunkt vera den viktigaste innverknaden på kvaliteten.

### **3.9 Før-forståing**

Som nemnd over så er forskaren det viktigaste verktøyet når det kjem til å sikre god kvalitet innanfor kvalitativ forsking. Det er difor viktig at forskaren er bevisst sin eigen ståstad og før-forståingar som ein kan ha knytt til forskingsfeltet. Postholm (2010) kallar dette for forskarrefleksivitet, der forskaren skal prøve å ha eit metaperspektiv på eigen forskarrolle. Eg prøvde gjennom heile prosjektet å ta høgde for dei erfaringane eg hadde hatt tidlegare, og den teorien og tidlegare forskinga som eg hadde lest for å sjå på korleis det var med på å forme mine tolkingar. I innleiinga gav eg ei forklaring på kvifor eg hadde valgt å forske på feltet, og kva erfaringar eg hadde knytt til det. Eg gjekk inn med ei forståing om at det dei tilsette kanskje la større vekt på tryggleiksarbeidet med dei unge enn tilhøyrarsarbeidet.

Tryggleiksdelen oppfatta eg som å vera meir prega av ei materiell omsorg, enn ei relasjonell ei. Oppfatninga mi var og at dei tilsette kanskje ville ha ei meir distansert holdning til det arbeidet dei gjorde, og at dei ikkje la så mykje av seg sjølv i arbeidet. Eg har heile tida vore bevisst dette gjennom heile prosessen, og har prøvd å heile tida vurdere kvar fortolking som vart gjort opp mot det informantane fortalte gjennom intervjuet. Eg merka sjølv at mine opphavlege før-forståingar endra seg svært gjennom prosjektet, og at eg fekk eit nytt syn på korleis arbeidet var utført under, gjennom og etter intervjuet med informantane. For å sikre at informantane ikkje vart feilsitert eller tolka ut av samanheng så valgte eg å ta i bruk ein metode for kvalitetssikring som vert kalla for member-checking. Dette er ein av mange metodar for å sikre kvaliteten innanfor kvalitativ forsking.

### **3.10 Member-checking**

Eg valgte å ta i bruk member-checking fordi det gjev ei moglegheit for å sjekke om dei tolkingane ein har gjort seg ikkje er for langt vekke i frå det informantane originalt uttrykte, og for å sjekke om informantane kjenner seg igjen i dei skildringane som vert gjort av det dei seier og gjer (Lincoln & Guba, 1985). Eg valgte å la informantane få innsyn i dei tolkingane eg hadde gjort knytt til deira utsegn, og dei tolkingane eg hadde gjort meg om heilheita i prosjektet. Informatane vart presentert for desse gjennom eit skriftleg dokument for kvar enkelt informant. Deira tolkingar vart deretter tatt med tilbake, for ein ekstra runde med analyse, for at dei deretter var skrive inn i den endelege teksten. Nokre av utsegna som eg hadde tatt i bruk frå informantane måtte etter member-checkinga takast vekk, dette fordi informatane opplevde at dei kunne vera med på å identifisere dei eller arbeidsplassen deira.

Men alt i alt virka det som om informantane var fornøgd med dei utsegna som eg hadde valgt, og korleis eg hadde valgt å tolke dei. Member-checking er eit nyttig verktøy for å heve kvaliteten innanfor kvalitative studier, men Moustakas (1994) legg på si side vekt på at det innanfor ei fenomenologisk tilnærming først og fremst er forskaren sine tolkingar og i kva grad forskaren greier å gjer greie for dei som vil vera den største innverknaden på kvaliteten i det ferdige arbeidet.

### **3.11 Metode kritikk**

I denne studien vart det tatt i bruk ei hermeneutisk-fenomenologisk tilnærming for å fortolke dei utsegna som informantane kjem med. Dette legg til endå eit ledd med subjektive fortolkingar i form av at eg som forskar fortolkar dei opplevingane som informantane hadde. Det vil difor vera vanskeleg å sei at noko av kunnskapen som kjem ut av dei tolkingane som vert gjort kan vera direkte overførbar til andre situasjonar. Ein kan derimot tenkje seg til at det kan vera ein essens i det som vert fortolka som kan takast vidare i andre settingar. Eg valgte å ta i bruk ei kvalitativ tilnærming med fokus på intervju nettopp fordi eg ønska å få tilgang til dei fortolkingane som informantane gjorde av sin eigen profesjon og kvar dag. I møte med dei fortolkingane vil det heller ikkje vera mogleg for meg som forskar å gå dei i møte med eit heilt objektivt syn, då eg er prega av mi før-forståing. Likevel kan eg som forskar prøve å gjere greie for dei valga eg har tatt metodisk, for at andre skal ha moglegheita for å komme fram til liknande tolkingar som eg har gjort meg.

### **3.12 Analyse**

Innanfor kvalitativ forsking er målet å få tak i djupare forståing av eit fenomen, eller ein situasjon. Dette vert oppnådd gjennom å gjennomføre ei analyse av dei opplysingane som ein får frå informantane gjennom dei transkriberte intervjuia. I denne oppgåva har eg valgt å ta i bruk Moustakas (1994) sin modifiserte versjon av Stevick-Colazizzi-Keen-metoden for å analysere fenomenologiske data. Analysemetoden bygger på at forskaren i byrjinga gjev ei skildring av sine eigne erfaringar og tankar knytt opp mot fenomenet. Dette vert gjennomført med utgangspunkt i dei ordrette transkripsjonane av intervjuia ved å følgje ei fastsett liste med reglar.

1. Ein skal sjå etter viktigeita i kvar enkelt utsegn ut i frå korleis den stiller seg opp mot skildringa av emnet.
2. Ein skriv deretter ned alle utsegner som blir sett på som viktige.
3. Så skal alle utsegnene bli lista opp, men ein skal ikkje gjenta dei sjølv om forskingsdeltakarane gjer det. Ved å liste dei opp kan ein begynne å bygge det som vil vera «horisontane» eller dei meiningsbærande delane som er med på skildre fenomenet.
4. Ein skal så plassere dei ulike meiningsdelane innanfor tema som er med på å samle og relatere dei.
5. Etter at ein har samla og relatert dei skal ein vidare begynne å slå saman dei ulike meiningsamlingane til ein teksturell skildring. Ein skal også ta med ordrette utsegn i denne samlinga.
6. Dei teksturelle skildringane skal forskaren vidare ta å reflektere over, for å prøve å beskriva strukturen i si eiga erfaring.
7. Når dette er gjort skal ein lage ei ny teksturell-strukturell skildring av meingen og essensen av si eiga erfaring. (Moustakas, 1994, s.122)

Denne lista skal ein gjennomføre for kvar enkelt informant sine ordrette transkriberte intervju. Ein skal til slutt, med utgangspunkt i kvar enkelt informant sine teksturell-strukturell skildringar, setje saman ei felles teksturell-strukturell skildring av fenomenet som er med på å gje ei heilskapleg universell skildring av dei erfaringane som er representert i informantgruppa som heilheit.

Ved å ta i bruk denne tilnærminga til analyse kan ein kategorisere og redusere datamaterialet, noko som gjer det meir handterbart. Innanfor fenomenologisk forsking er målet heile tida å få tak i essensen av det fenomenet ein studerer, det er difor særsviktig å redusere datamengda, for gjennom det å komme fram til den konstante, essensielle strukturen ved fenomenet (Postholm, 2010). Dette gjorde eg ved å lese gjennom intervjuet og gjere meg opp ei overordna mening om kva det handla om. Eg skreiv ned dei overordna kategoriene som stod fram for meg for kvar enkelt informant. Dette gjorde eg fleire gonger, og enda til slutt opp med eit sett med kategoriar og underkategoriar for kvar enkelt informant. Dei tok eg så og skreiv saman, for så å sjå dei i eit heilskapleg bilet. Dette gav meg eit overordna biletet av kva materialet handla om. Med det eg sat att med tok eg deretter ein ny runde gjennom alle intervjuet, og såg alle over utsegna i nytt lys av dette.



## 4.0 Empiri, analyse og drøfting.

I dette kapitelet vil eg fyrst gje ei skildring av dei tilsette og slik som dei stod fram for meg gjennom intervjua. Gjennom dette vil eg legge fram mi tolking av kva dei såg på som viktig innanfor kvar kategori. Vidare vil eg sjå på dei utsegna som vart sett på som viktige opp mot relevant teori, og drøfte dette opp mot tidlegare forsking. Gjennom analyseprosessen kom det fram fire hovudkategoriar som representerte heilheita i datamaterialet. Dei kategoriane var ferdigheiter, omsorg, aktivitet og skule. Kategoriane var bygd opp av omgrep og utsegn som var med på å bygge opp underkategoriar og kodar. Dei forskjellige underkategoriane var til tider vanskelege å skilje frå kvarandre, og mange av dei vert sett på som relevante innanfor fleire av hovudkategoriane, og vil difor gå igjen ein del. Dette fordi det er vanskeleg å skilje mellom den tryggleiken som tilhør gjev, og korleis tryggleiken er med på å legge til rette for at dei unge kan oppleve tilhør. Figur 1 viser korleis underkategoriane vart sortert under dei forskjellige kategoriane. Ein kan sjå at blant anna underkategoriane «relasjon» og «nettverk» gjekk att innanfor fleire kategoriar.

Ferdigheiter	Omsorg	Aktivitet	Skule
Rollemodell	Basal	Relasjon	Framtida
Humor	Mental	Identitet	Nettverk
Perspektiv	Heim	Sosial kompetanse	Identitet
Relasjonskompetanse	Familie	Nettverk	Undring
Halde det ein lover	Relasjon	Interesser	Samarbeid
Trygg voksen	Ein plass å bu	Estetikk	
Samtalar	Eigarskap		
Identitet	Medråderett		
Sensitiv	Bry seg		
Vera seg sjølv	Reglar		
Maktbevisst	Struktur		

Figur 1

Fordeling av underkategoriar på dei fire hovudkategoriane.

## **4.1 Dei tilsette**

Eg vel her å presentere dei tilsette og korleis eg oppfatta dei gjennom intervjuet. Dette gjer eg fordi eg vil prøve å gje leseren eit bilet av korleis dei tilsette framstod for meg, og kva personlege eigenskapar, holdningar og ferdigheiter som dei la vekt på i arbeidet sitt. Eg tek utgangspunkt i Thagaard (2013) si personsentrerte tilnærming for å presentere dei tolkingane eg har gjort meg av informantane.

### **4.1.1 Kristin**

Kristin er i dame i midten av 20 åra som er utdanna barnevernspedagog, med mastergrad innanfor eit sosialfagleg emne. Ho arbeider turnus som medlevar, der ho bur ilag med dei unge på institusjonane. Ho har arbeida innanfor barnevern og institusjon som har fokus på ungdom i eit par år no. Ho er den av informantane som har arbeida kortast innanfor fagfeltet, men den som har høgst utdanning. Ho beskriv seg sjølv som ein aktiv person som er oppteken av trening og å halde seg i form. Dette er ein av verdiane ho prøver å vera ein god rollemodell for dei unge på. Ho seier ho brenn for det å ha samtalar med ungdom, og legg vekt på at dette som ein viktig faktor i det arbeidet med tilrettelegging for at dei unge skal oppleve tilhør og tryggleik. «Forklarande konsekvens» er noko ho bruker flittig i arbeidet sitt med dei unge. Med det meiner ho at ho forklarer kvifor ho må gjere ting for dei unge, slik at dei skal forstå kvifor ho gjer det ho gjer, dette er spesielt innanfor grensesetting. Ho legg vekt på at den gode samtalen, og dei undringane som ein kan gjere seg ilag med dei unge er noko som viktig for ho, og at det er direkte knytt opp mot kor god relasjon ein har med dei unge. På spørsmål om dette legg ho vekt på at ein må vera sensitiv for dei unge sine behov både knytt til basale behov som mat og sovn, men og behov for å ha ein trygg vaksen i kvar dagen som dei kan prate med og stole på. Ho legg vekt på at ein ikkje må presse på for å prøve å bli kjend med dei unge, det er noko ein må ta sakte, og relasjonen må komme av seg sjølv. Ho nemner og humoristisk at «Relasjonen er mitt sterkeste våpen». Humor er og ein annan eigenskap som ho seier ho tek mykje i bruk i møte med dei unge. Dette kan brukast både som ein måte å kome nærmare inn på dei unge og få til samtalar, og gjennom å avverje konfrontasjonar. Ho legg vekt på at ho må vera bevisst det maktforholdet som er mellom bebruarane og dei tilsette, og ho bruker difor mykje sjølvironi, for ikkje å fornærme dei unge, og tek seg sjølv ikkje så høgtidleg. Dette har ho lagt merke til at dei unge likar, og at dei slappar meir av med ho som følgje av det. Ho seier ofte at ho pleier å prate med dei unge om alt, og at ho «undrar» seg

saman med dei når det kjem til framtida, og kva dei kunne tenkje seg. På spørsmål om kva ho legg i tryggleik og tilhøyr vel ho å legge vekt på det å føle at ein har ein stabil kvardag med personar som verdset ein, og at ein føler ein slags eigarskap til den plassen ein er og dei personane som ein omgås. Dette er noko ho prøver å legge til rette for at dei unge og skal oppleve gjennom det arbeidet ho gjer.

#### 4.1.2 Kåre

Kåre er i midten av 50 åra, han er utdanna barnevernspedagog, og har arbeida med barnevern i 6 år. Han arbeida tidlegare med mindre barn, men valgte å flytte over til ein institusjon som hadde som målsetting å arbeide med ungdom. Han er særstakt opptatt av friluftsliv og uteaktivitetar, og dette har han heile tida prøvd å ta med seg inn i jobben. På spørsmål om korleis han kom til å arbeide med ungdom trekk han fram friluftslivet si innverknad på unge. Han seier at «...Og eg ser den fridomen og den avkoplinga barn får av å vera ute, som eg då tenkte kunne overførast til ungdom, og overføre dei verdiane ein får ved å vera ute då.». Han seier at han bruker bevisst friluftsliv og det å finne på aktivitetar utanfor institusjonen som ein måtte å legge til rette for at dei unge skal få gode opplevelingar, og knyt dette opp mot å oppleve tilhøyr og tryggleik i institusjonen. Friluftsliv, og det å vera ute i naturen er og noko han tek i bruk for å kome i samtale med dei unge. Det er også ein bevisst strategi han tek i bruk for å avverje at konfliktar oppstår. Viss han ser at dei unge går «på vippen», eller er på veg til å utagere kan han fort ta dei med seg ut ein tur. Dette for å legge til rette for at dei unge kan slappe litt meir av, og at dei kan få moglegheita for å prate om det som plagar dei. Kåre opplever det å arbeide med unge som spennande. Sjølv om arbeidet med unge kan vera prega av konfliktar og krangling, så kan det komme mykje godt ut av det viss ein løyser det på ein hensiktsmessig måte. Han legg vekt på at det er kjekkast på jobb når det kan oppstå litt krevjande situasjonar, eller som han seier, når det «Blæs litt». Kåre opplever det at den beste måten for dei unge å oppleve tilhøyr ved institusjonen er at dei får eit eigarforhold til det rommet som dei får på institusjonen. Difor legg han opp til at dei skal få vera med å bestemme sjølv kva som skal vera på rommet. Med dette legg han opp til at dei kan føle seg trygge på sitt eige rom, og så kan ein utvide omgangskretsen deira etter kvart til å omfatte resten av institusjonen, nærmiljøet og skule. Han legg vekt på at organiserte aktivitetar i nærmiljøet er noko som er nyttig for at dei unge skal oppleve tilhøyr. Kåre er oppteken av at for å kunne gje best mogleg omsorg for dei unge så må ein vera i posisjon til dei. Han trekker

difor ofte fram det at personlege eigenskapar, og det å kunne vera var for dei unge sine teikn er noko som er viktig i jobben. Kåre legg stor vekt på at han må vera seg sjølv i møte med dei unge, for han «kan ikkje vera nokon andre enn seg sjølv» seier han. Han legg vekt på at innanfor ein slik jobb er det dei personlege eigenskapane hjå dei tilsette som er viktig.

#### 4.1.3 Knut

Knut er i slutten av 40 åra og er den av informantane som har arbeida lengst med barnevern. Han har ingen formell barnevernsfagleg utdanning, men han har arbeida innanfor barnevernet i over 15 år og har mykje erfaring. Han har stort sett arbeida med enkelttiltak rundt ungdom, men og med gruppetiltak i institusjon. Han har vore tilknytt den institusjonen han arbeider ved no i lengre tid. Knut er veldig oppteken av det å ta i bruk sunne aktivitetar for å aktivisere dei unge. Det at dei unge deltek på aktivitetar som ikkje er i regi av institusjonen er med på å gje dei positive opplevingar utanfor institusjonen. Dette er noko han legg vekt på som viktig for å kunne få lagd til rette for ein god relasjon med dei unge, og at gjennom dette legge til rette for dei gode samtalane. Den gode relasjonen som kan ligge til grunn opplever han og som viktig for at dei unge skal trivast i institusjonen. Han legg vekt på at ein slik relasjon må ikkje tvingast fram, og at i eit sånt arbeid så er personlege ferdigheitar og eigenskapar blant dei tilsette viktig for å legge til rette for dette. På spørsmål om han tek i bruk nokon verktøy eller metodar svarar han.

...Eg bruker eigentleg mest det at eg er meg sjølv. Og så bruker eg ein del musikk, for det er ein del som det fungerer på. Ja, men eigentleg, å gjer positive ting med ungdommane. Aktivitetar, så det er, som ein veit fenger dei. Så det er vel det som på ein måte blir verktøyet mitt, at eg gjev ungdommane positive opplevingar, med å gjere kjekke ting med dei.

Han legg vekt på at dei unge vert myndiggjort gjennom at dei får lov til å vera med på å bestemme korleis dei vil ha det innanfor institusjonen, sjølvsagt innanfor dei reglane som dei tilsette må etterfølgje. Dette opplever Knut som ein viktig faktor for at dei unge skal oppleve det å høre til på institusjonen. Han opplever at dei unge finn seg meir til rette når dei får lov til å vera med å bestemme litt over eigen kvardag sjølv.

## **4.2 Å legge til rette for tilhøyr og tryggleik**

Her vil eg presentere dei hovudpunkta som stod fram for meg som viktige i det arbeidet dei tilsette gjorde for å legge til rette for at dei unge skulle oppleve tilhøyr og tryggleik då dei budde i institusjonen.

### **4.2.1 Aktivitet**

Aktivitetar var noko som dei tilsette la svært stor vekt på for å bygge både tryggleik og tilhøyr for dei unge. Aktivitetar som for eksempel friluftsliv, fotball, trening eller andre aktivitetar som dei interesserte seg for kunne vere med på å legge til rette for ein god relasjon mellom den unge og dei tilsette. Det vart og tatt i bruk som eit verktøy for å legge til rette for gode relasjoner bebruarane i mellom. Gjennom å ta i bruk aktivitetar kunne ein kome nærmare inn på dei unge, og dermed få moglegheita for betre samtalar. Knut sa det så fint under intervjuet då han vart spurd om korleis han arbeida for å legge til rette for gode relasjoner

Det blir jo på ein måte å engasjere seg i det som ungdommane er opptatt av. Sjølv om eg kan syns at det er drittjedeleg å stå nede på fotballbanen i to timer, og stå i mål, eller, sant, så det er viktig, for eg veit at det det ungdommen likar, og så kan ein få gode pratar rundt det. Så det liksom det å prøve å engasjere seg i det som opptek ungdommane, og skape relasjoner gjennom aktivitet og samtalar. Så eg er i alle fall veldig opptatt av det med aktivitetar, for det trur eg er alfa og omega for å få til ein god relasjon, det å finne på kjekke ting ilag.

Kåre og Kristin la også vekt på at dei likte å finne på aktivitetar med ungdommane, og at det kunne vera eit godt utgangspunkt for å legge til rette for å kunne løyse ein del andre problem. Kåre la vekt på at han gjerne likte å ta med ungdommane ut i naturen, og brukte ofte det som ein metode for å roe ned ungdom som han såg var irriterte og som gjekk «på vippen» til eit aggressjonsutbrot. På spørsmål om korleis han ville beskrive ein god dag sa han.

Ja, for meg så må det vel vera den dagen du får med deg ungdommen ut då, på ein aktivitet, gjerne fritidsaktivitetar. Der du ser ungdommane er rolige då, du ser det på dei på ein måte, på kroppsspråk, og hører i samtalar med dei at dei er rolige. Då tenkjer eg at no har dei det godt, og då har du det godt sjølv og.

Alle dei tilsette trakk og fram at dei prioriterte å få dei unge med på organiserte aktivitetar, og understreka at dette kunne vera med på å styrke i kva grad dei unge ville føle tilhøyr til institusjonen og nærmiljøet. På spørsmål om kva han trur at tryggleik betyr for dei unge trakk Kåre fram at det er mange av dei unge som bur på institusjonen som ikkje har hatt noko tilhøyr til sunne miljø eller opplevd vaksenpersonar som var der for dei, han legg difor vekt

på at mange av dei unge har fort for oppleve «at det utrygge vert trygt, for ungdommen då, og då har dei vanskeleg for å stå i relasjonar». På spørsmål om kva den daglege omsorga omfatta trakk Kristin fram at ei av mange oppgåver var å køyre og hente dei unge på fritidsaktivitetar. Kåre la og vekt på når han vart spurd om kva han la i tilhøyr at det hadde å gjere med det å få dei med på sunne aktivitetar. «...etter kvart utvide til nærmiljøet. Gjerne få trekt dei inn i idrettslag i nærleiken, gjerne søke sunne og gode miljø, i staden for, vise dei dei gode miljøa i staden for dei negative.». Dette var noko som gjekk igjen når me prata om aktivitetar, at det kunne vera ein fin måte for de unge å komme i kontakt med positive miljø.

Det at dei tilsette legg vekt på å interessere seg for dei unge sine aktivitetar er ein av dei grunnleggande faktorane for det å legge til rette for ein god relasjon mellom dei unge og dei tilsette (Storø, 2008). Det at dei tilsette legg til rette for positive erfaringar kan vera med på å styrke kor knytt til institusjonen dei unge opplever seg, og gjennom dette vera med på å legge til rette for at dei unge opplever institusjonen som ein trygg plass der dei ønsker å vera. Gjennom dette kan dei oppleve tilhøyr til institusjonen. Dette kan og vera med på å legge til rette for at dei unge opplever institusjonen som ein trygg base i livet deira. Det at dei tilsette og har eit fokus på relasjon og samtalar gjennom den felles aktiviteten kan vera med på å legge til rette for at dei unge opplever dei tilsette som trygge vaksne. Gjennom å delta i ein aktivitet som ligg nær dei unge sitt interesseområde kan ein tenkje seg til at dei tilsette legg til rette for at dei unge skal oppleve at dei vert sett, og at deira interesser vert akseptert. Dette kan vera med på å vidare legge til rette for at dei tilsette kan opplevast som ein mogleg erstattande trygg base (Ainsworth, 1988; i Thrana, 2013; Werner & Smith, 1992). Ser ein Knut sitt eksempel om å bruke musikk i møte med dei unge er dette og eit godt eksempel på korleis aktivitet vert tatt i bruk som ein relasjonsbyggjar. Samtidig viser det ein skilnad mellom dei tilsette i kva grad dei vektlegg estetiske eller fysiske aktivitetar. Alle informantane trakk fram at dei tok i bruk fysiske aktivitetar som fotball, trenings og friluftsliv som ein måte å legge til rette for at dei unge trivst på institusjonen. Det som skil seg ut er Knut si vektlegging av estetiske aktivitetar i form av musikk. Musikken som eit estetisk fag legg grunnlaget for at dei unge kan oppleve tryggleik gjennom ein strukurerande aktivitet der dei opplever noko kjent og får moglegheita til å utfolde seg (Ruud, 1990; Stensæth et al., 2012). Musikken gjer det mogleg å legge til rette for relasjonsbygging gjennom felles interesser og delte opplevingar og gjer det mogeleg for dei unge å forme og uttrykke sin eigen identitet. Det gjer det og mogleg for dei unge å uttrykke seg om ting som dei synest er

vanskeleg å prate om gjennom eit medium (Krüger & Stige, 2013). Gjennom desse prosessane legg ein til rette for at dei unge kan oppleve tryggleik i kvardagen, og dermed i skulekvardagen. Det at dei tilsette legg vekt på å gje dei unge ei oppleving av å delta i aktivitetar som dei interesserer seg for kan og sjåast ut frå Maslow (1970) sine tankar om vekstbehova. Aktivitetar kan vera ein form for sjølvrealisering for dei unge, der dei får moglegheita for å spele ut korleis dei ønsker å vera. Vidare kan ein tenkje seg at ved å fokusere på musikken gjer Knut det mogleg for dei unge å fylle det behovet dei har for estetiske aktivitetar.

Gjennom å delta i organiserte aktivitetar kan ein og tenkje seg til at dei unge kan knytte band med ungdommar som dei kan møte att på skulen, og gjennom dette vera med på å styrke den tilknytinga dei kan oppleve til skulen. Tilgangen til personlege sosiale nettverk med jamnaldrande kan vera ei kjelde til motivasjon og moglegheiter for å øve opp sosial kompetanse (Larsen, 2004; Ogden, 2009; Storø, 2008). Organiserte aktivitetar kan gje moglegheiter for å øve opp delar av dei dimensjonane som Gresham og Elliot (1990; i Ogden, 2009) legg vekt på som viktige innanfor sosial kompetanse. Gjennom organiserte aktivitetar vert dei unge eksponert for miljø der samarbeid er sentralt for å kunne delta, sjølv innanfor konkurranseprega aktivitetar. Der kan dei øve opp positiv sjølvkontroll og sjølvheving gjennom aktivitetar med klar struktur og faste mål og reglar. Det å ta del i ein organisert aktivitet som for eksempel lagspel legg og opp til at dei unge skal føle ansvarskjensle til den rolla dei innehår, og utvikle empati overfor både medspelarar og motstandarar. Fotball og andre idrettslag som informantane la vekt på er gode eksempel på korleis organiserte aktivitetar er område der ein kan øve opp sosial kompetanse. Utviklinga av sosial kompetanse innanfor sunne rammer kan og tenkjast å vera med på å styrke deira eiga sjølvbilete. Dette kan i si tid eksponere dei for jamnaldrande som innehår sunne verdiar som dei unge kan tenkjast å forme sin eigen identitet etter (Berger & Luckmann, 2000). Det at dei unge deltek i aktivitetar innanfor positive miljø vil ha ein førebyggande effekt for dei unge med tanke på at dei vert eksponert for sunne verdiar som dei kan ta med seg vidare i livet (Befring, 2012; Borge, 2010). Som Gilligan (2000) legg vekt på, er deltakinga i interessedrivne aktivitetar noko som kan ha ein resiliensfremmende effekt med tanke på at det først og fremst styrker dei unge sitt sjølvbilete gjennom mestring. Eit anna aspekt er at dei får tilgang til sosiale nettverk som er med på å legge til rette for at dei unge kan oppleve å vera del av eit miljø, noko som kan vera med på å styrke den psykososiale fungeringa til dei

unge. Det er difor viktig at dei tilsette her legg til rette for at dei unge skal ta del i desse aktivitetane gjennom å køyre, følgje opp, og hente dei unge på dei aktivitetane som dei er ein del av. Organiserte aktivitetar kan og tenkjast å legge til rette for tryggleik hjå dei unge gjennom at dei opplever ein stabil kvardag. Dei unge vil ha ein fast aktivitet som dei går til, og som dei kjenner. Ser ein organiserte aktivitetar opp mot ein av dei faktorane Larsen (2004) legg til grunn for at ungdom i institusjon skal ha moglegheita til å oppleve tryggleik, så er det klart at den tilbakevendande strukturen som er å finne i det å ha ein fast aktivitet innanfor sunne og føreseielege rammer vil vera med på å legge til rette for at dei unge kan oppleve ein trygg kvardag. Den sosiale kompetanse som dei unge øver opp gjennom å delta i organiserte aktivitetar kan vera med på å legge til rette for at dei kan oppleve ein meir føreseieleg og trygg kvardag. Dei unge får, gjennom å øve opp sosial kompetanse, eit innblikk i korleis spelereglane for sosial omgang er. Sosial kompetanse kan dermed tenkjast å ha ein tryggande effekt i dei unge sit liv gjennom at dei opplever at dei lettare kan knytte relasjonar til andre, og dermed kunne dra nytte av den tryggleiken som det å høyre til i eit sosiale nettverk gjev. Gjennom organiserte aktivitetar kan ein også legge til rette for at dei unge får moglegheita for å oppleve mestring, noko som kan førast over i ein skulesetting.

#### 4.2.2 Skule

Dei tilsette har eit stort fokus på at dei unge skal oppleve ein trygg og positiv skulekvardag. Alle trakk fram at det hadde vore eit stort fokus på samhandling mellom skulen og barnevernsinstitusjonane i nyare tid, og på spørsmål om kva ho trudde skulekvardagen hadde å sei for dei unge svarte Kristin.

Eg trur at skule er ein veldig viktig arena for dei, og eg veit at fylkesmannen har skule som eit punkt på, soknelyset står på skule om dagen hjå fylkesmannen, så skule er absolutt noko me legg til rette for, og har god dialog med skule. Det er jo nokon av desse ungdommane som trenger tilrettelagd skulekvardag, og då går ein i dialog med skulen, med ein gong. Og gjerne har dei ein person på seg og på skulen, som ein har tett, ja, dagleg kontakt med for å høyra korleis skuledagen har vore, kva har dei jobba med i dag, kva har dei fått til, kva har dei ikkje fått til. Slik at ein har ein tett dialog med dei for å følga og opp gjer skulekvardagen, så, god og forutsigbar for ungane. Utarbeide gode planar, vekeplanar, gå gjennom vekeplanen, Lekseplan. (pust) og eg opplever vel at, at skulekvardagen er viktig for, er det ein prøve. Eller er det eit eller anna, er det ein konflikt på skulen så blir det jo vanskelegare, for barnet eller ungdommen å reise på skulen, men sånn er det jo for alle.

Knut trakk fram det at han trudde at grunnen til at ein god del unge som budde på institusjon sleit med utdanning var det at dei hadde opplevd mykje flytting og ein ustabil kvardag som

hadde gått utover skulegangen deira. Dette meinte han hadde gjeve dei ein god del kunnskapshol som var vanskelege å fylle. Han la vekt på at dei unge nok kunne ta ei utdanning seinare, men hovudprioritering når dei var på institusjonen var at dei skulle føle seg trygge, og etter kvart begynne å føle at dei høyrde til der. For å unngå unødvendig stress så kunne dei difor ikkje stresse ungdommene for mykje på skulefronten. Han la vekt på at gjennom faste rutinar og ein trygg kvardag så kunne dei unge etter kvart begynne å fokusere meir på skulen. På spørsmål om korleis han opplevde at tilhøyr og tryggleik spela inn på dei unge sin skulekvardag svara Kåre

Det trur eg er veldig viktig.... Du har jo ikkje lyst å gå på skulen viss du ikkje kan noko, og ikkje har nokon vener. Det er jo det å få dei til å, å, ja det å sjå på relasjonar, lære seg til å få nokon å forholda seg til på skulen. Og prøve å legge til rette i samarbeid med skulen på eit mestringsnivå som ligg for dei då. At dei føler at dei mestrer, så kan ein jo utvide det etter kvart. Når mestringa blir betre og betre.

Gjennom å ha personar som viser genuin interesse for dei unge vil dei tilsette og legge til rette for at dei unge opplever tryggleik i form av stabile rutinar. Maslow (1970) sine tankar knytt til behovshierarkiet kan tenkjast å ha relevans spesielt innanfor ein setting med ungdom som bur i institusjon. Uavhengig av kva plasseringsparagraf som ligg til grunn kan ein argumentere for at dei unge som er bebuarar i institusjonen har opplevd ein mangel på enten tilhøyr, tryggleik eller begge i løpet av livsløpet, noko som har ført til at dei har mått flytte på ein barnevernsinstitusjon. Gjennom å legge til rette for at dei unge skal oppleve ein stabil heimekvardag kan dei tilsette vera med på å dekke mangelbehova som dei unge har, og difor legge til rette for at dei unge kan fokusere på vekstbehova som utdanning og sjølvaktualisering. Som Skaalvik og Skaalvik (2005) legg vekt på er det å ha ein trygg og stabil kvardag med på å legge til rette for at ein kan dra nytte av det skulen har å tilby. I dette tilfellet kan ein tenkje seg til at ungdom som bur i institusjon treng lenger tid på å komme til ro, då dei har opplevd meir uro i kvardagen. Ein kan difor tenkje seg til at dette kan vera med på å gje ei forklaring på kvifor ungdom som har budd i institusjon har ei lågare grad av gjennomføring i vidaregåande og høgare utdanning enn ungdom i den generelle befolkninga (Clausen & Kristofersen, 2008). Det at dei tilsette la stor vekt på at dei unge og skulle oppleve tilhøyr og tryggleik i skulesamanhangar og dei grepa dei tok for å sikre dette vitnar om at dei er svært klar over kor viktig skulen er i dei unge sitt liv. Det at dei tilsette vel å fokusere på at dei unge skal ha ein føreseieleg skulekvardag prega av rammer, vil og kunne vera med på å legge til rette for at dei unge opplever tryggleik. Fast struktur er eit av dei viktigaste verktøyta til dei tilsette for å kunne legge til rette for dette (Larsen, 2004). Skulen kan og sjåast på som

ein sosial arena der dei unge kan ha moglegheita for utvikle sin eigen identitet i møte med jamaldra. Det at dei unge hadde eit nettverk på skulen opplevde dei tilsette som ein grunnleggande faktor for at dei unge skulle oppleve tilhøyr og mestring på skulen. Dette er ein viktig førebyggande faktor i form av at dei unge opplever støtte gjennom sosiale relasjoner (Befring, 2012). Ein indirekte faktor av det å ha eit nettverk på skulen kan og tenkast å vera at dei unge opplever skulen som ein trygg arena, og at dei dermed slappar av og kan fokusere på skulearbeidet. Dette kan og sjåast opp mot dei funna som vart gjort av Egelund og Hestbæk (2003) knytt til unge i institusjon og den skulegangen dei fekk. Dei unge som bur i institusjon har som oftast opplevd mange flyttingar før dei flytter på institusjon (Backe-Hansen, 2011). Det at dei unge har opplevd mange flyttingar kan spele inn på i kva grad dei opplever ein stabil kvardag, noko som vil vera viktig for dei unge si oppleving av tryggleik og tilhøyr. Det at dei tilsette legg til rette for at dei unge skal få ein trygg heimekvardag kan vera med på å legge til rette for at dei unge opplever stabilitet, og etter kvart kan fokusere meir på skulen. Viktigheita av sosiale nettverk vert difor svekka om dei unge opplever unødvendig mange flyttingar som følgje av omsorgstilbodet. Dei får ikkje moglegheita til å knytte relasjoner til jamaldra, og kan difor trivast därlegare på skulen. Viktigheita av at dei tilsette legg vekt på å engasjere dei unge i fritidsaktivitetar og legge til rette for at dei unge kan bygge eit nettverk i lokalmiljøet vil difor vera ein viktig faktor for at dei unge skal kunne trivast på skulen.

Ved å legge til rette for at dei unge skal oppleve tilhøyr og tryggleik gjennom trivsel og opplevinga av at nokon er der for dei så legg dei tilsette og til rette for at dei unge skal ha moglegheita for å kunne fokusere på skulekvardagen. Samtalar om framtida kan som Højlund (2011a) legg vekt på vera med på å formidle viktigheita av det å ta utdanning overfor dei unge. For å legge til rette for den pedagogiske samtalen må ein likevel vera i posisjon til dei unge, noko alle informantane såg ut til å vera opptatt av. Det at relasjonen låg til rette kunne vera med på å mogleggjere ein samtale med ungdommane om kva skulekvardag dei ønska seg, og gjennom det kunne ein få til ein betre skulekvardag gjennom ein trygg institusjonskvardag. Utdanning er, som Befring (2012) legg vekt på, ein av dei viktigaste førebyggande faktorane når det kjem til seinare utvikling i livet.

#### 4.2.3 Ferdigheiter

Dei tilsette viser gjennom intervjuet at dei legg stor vekt på å vera konsekvente og kongruente i den rolla som dei har overfor dei unge. Dei legg fram at dei heile tida prøver å vera den personen som dei sjølv føler at dei er, og legg vekt på at det vert vanskeleg å arbeide innanfor ein sosialfagleg stilling viss ein må vera nokon ein føler ein ikkje er. På spørsmål om kva som er viktigast for han i møte med dei unge seier Kåre at

Nei, det er å vera meg sjølv eigentleg. Eg kan ikkje vera nokon andre enn meg sjølv. Eg må jo vera nokon eg kan stå inne for. Til ei viss grad så tar du jo på deg i enkelte jobbsamanhangar, så tar du på deg forskjellige hattar. Er du saman med nokon kompisar så har du ein rolle, er du saman med nokon andre så har du ein annan rolle kanskje. Men eg tenkjer at det å vera på ein jobb som går på relasjonar, som ein er så tett på, så er det det å vera deg sjølv. Du må på ein måte stå for den du er. Og eg prøver kanskje å vera mest mogleg lik som eg er med mine eigne barn, for at det ikkje skal bli fullstendig krasj. Og det er vanskeleg å vera nokon andre enn seg sjølv. Ein vil jo ikkje møte seg sjølv i døra tenker eg, det er kanskje det som er viktigast, å vera seg sjølv.

Dei tilsette viser gjennom handlingar og korleis dei legg vekt på at dei prøver å rettleie dei unge i staden for å berre passe på dei. Dei legg vekt på at gjennom å ta i bruk samtalar kan ein få til mykje godt hjå dei unge. Difor er det viktig at ein som tilsett evner å kunne prate om alt med dei unge, og at det ikkje skal vera noko som er usagt. Kristin tek i bruk ein metode som ho kallar for forklarande konsekvens, der ho legg opp til at dei unge skal få ei forklaring på kvifor dei vert irtettesett eller får nye reglar. Dette gjer kvardagen meir forståeleg for dei, og kan vera med på å legge til rette for at dei opplever den som meir trygg.

Det at dei tilsette kan samtale fritt med dei unge gjer det og mogleg å ta i bruk humor i relasjonen, dette er noko som dei tilsette bruker som eit verktøy for å underbygge den relasjonen dei har med dei unge. Dei legg vekt på at ein må vera forsiktig med korleis ein tek det i bruk, og at ein må vera sensitiv for individuelle toleransar for kva som er greitt og ikkje greitt å spøke med blant dei unge. På spørsmål om korleis ho brukte engasjementet sitt svara Kristin

... Eg spelar mykje på humor, og sjølvironi, eg er ikkje så redd for, eg prøver på ein måte å ikkje, eg prøver på å vera, sensitiv og ikkje liksom, kva skal eg sei. Viss ein snakkar om makt for eksempel, så prøver eg på ein måte å gå ned på ein sånn, kanskje endå lågare enn, nei det er kanskje ikkje så bra i alle tilfelle men, enn ungdommen. For eksempel, nokon gonger der det har vore tenkt utagering, der dei har vorte skikkelig sint, så har eg berre sett meg ned på ræve mi på golvet. Og berre sete der. Men det kan jo og vera litt farleg igjen då, viss da blir utagering så sit du i ein veldig därleg

posisjon på golvet. Men ja alle gongene så har eg, så har det fungert, å berre set seg ned og, «du er sint i dag du» «kva er det som foregår?»

På oppfølgingsspørsmålet om ho ikkje tok seg sjølv så sjølvhøgtidleg svara ho at det handla mykje om det å vera bevisst maktforholdet mellom henne og dei unge, og

...på ein måte ikkje virka så ovenpå då. Eller at, å sei unnskyld for eksempel. Å visa at unnskyld der tok eg feil, du hadde rett, og då trur eg ungdommane og i mykje større grad klarer å uttrykka, unnskyld, eller, sei unnskyld for ting. Eller innsjå at «nei her var det eg som tok feil, du hadde rett.».

Dette at dei tilsette er bevisst måten dei framstiller seg sjølv og dei holdningane dei viser fram var noko som gjekk igjen mykje. Det var noko eg tolka som at dei var klar over, og brukte aktivt som eit verktøy i arbeidet med dei unge.

På spørsmål om korleis Knut framstiller seg for dei unge svarar han at ein skal ikkje fortelje dei unge alt om den kvardagen ein har utanfor institusjonen, men at det er viktig at ein er seg sjølv, og at ein opptrer som ein god rollemodell overfor dei unge. På spørsmål om Kåre opptredde bevisst som ein rollemodell for dei unge svara han

Det er me nok stadig vekk, eg trur nok oss (dei) identifisere seg ganske mykje med oss. Og det trur eg nok, det vil dei nok bestandig gjer, for til alle barn, og unge, så er jo foreldra i utgangspunktet rollemodellar. Men når dei hamner på institusjon så vil jo dei tilsette vera rollemodell, og me må jo då, tenka over det heile tida. Og eg bruker å sei det at viss me vaksne «Virring skaper virring» pleier eg å sei.

Då Kristin vart spurta om ho tok i bruk noko verktøy eller metodar i arbeidet sitt med unge svara ho

Eg bruker meg sjølv då, det gjer eg, og så er eg litt sånn, ja du kan sei at du bruker deg sjølv som eit verktøy, men eg er jo samtidig ikkje eit verktøy, for eg har jo liksom følelsar og ein personlegheit i det eg og, og det har ikkje eit verktøy, det er veldig mekanisk, og hardt, Så eg syns det er litt tvitydig å bruke det, deg sjølv som verktøy.

Dette vitnar om at ho som profesjonsutøvar er klar over den innverknaden ho har som person i det relasjonsretta arbeidet ho driv med.

Gjennom alle intervjuata la dei tilsette stor vekt på det å ta dei unge sitt perspektiv, og la heile tida vekt på at ein måtte ta omsyn til korleis dei unge tenkte og følte. På spørsmål om dei bevisst la opp til at institusjonen skulle opplevast som ein heim trakk Kåre fram eit eksempel om eit skilt som skulle hengast opp på institusjonen

Det var blant anna ein situasjon her no der me skulle henge opp eit skilt der det stod namnet på institusjonen. Og så seier ungdommane at «Nei, det har me ikkje lyst til». Då seier me «nei, det er greitt. Då gjer me ikkje det». «då droppar me det, viss de ikkje har lyst til det, så gjer me ikkje det». Og då let me vera å gjer det, og det ligg no nedi ein skuff ein plass. Og det tenkjer eg at det er viktig for dei at det ikkje vises så tydelig utanfrå, og då er det greitt. Fordi me er blitt pålagd å gjer det, så gjer me ikkje det. Fordi det er viktigare med følelsane deira, enn kva me blir pålagd tenkje eg, sånn frå over. Det er ikkje så viktig.

Det at dei tilsette makta å ta dei unge sit perspektiv slik som i eksempelet over var ein av faktorane som såg ut til å gå igjen når dei prata om det å legge til rette for at dei unge skulle føle tilhør til institusjonen. På spørsmål om kva tilhør og tryggleik innebar for dei unge, relaterte dei det ofte til kva dei sjølv opplevde det som. På spørsmål om kva tryggleik innebar svara Kristin

Tryggleik, ja, altså tryggleik for meg personleg, det er å vite at eg har inntekt, Å vite at eg har tak over hovudet, Mat i kjøleskapet, Har ei seng å sova i, Ei dyna å bre øver meg, varmt vatn i dusjen. Berre sånne basale, trygg, men og å vite det at eg kan bevege meg fritt, Og er trygg, ja, mens i den jobben, det blir mykje det same, altså, som i miljøterapeutjobben så går det mykje på rammer og rutinar, og det er jo gjerna ungar og ungdommar som, ikkje nødvendigvis, men mange kanskje, har opplevd utryggheit, så det er på ein måte noko med det å skape den tryggheita for dei då, gjennom, gjennom, ja, rammer, rutinar, du veit, å vera ein trygg voksen, at du alltid skal vite kva du har å forhalde deg til ei kvar tid, med den og den vaksne.

Noko som alle dei tilsette la vekt på i intervjuet var at det å halda det ein lova var noko av det viktigaste dei kunne gjer. Kåre la vekt på at «viss du ikkje held det du lover, så vil dei etter kvar miste trua på deg.». Dette var noko av det dei såg på som særskilt viktig i møte med dei unge. Dei la vekt på at dei unge ofte hadde opplevd mykje usikkerheit, og at foreldra og andre vaksne ofte lova mykje utan å klare å halde det. Det var derfor dei tilsette var så opptekne av å aldri love noko dei ikkje kunne halde.

Dei tilsette er i ein mellomposisjon mellom det å vera profesjonelle og det å vera personlege aktørar i dei unge sitt liv. Dei går ein balansegang mellom profesionalitet, privatliv og personlege ferdigheter. Dei tilsette opptrer som bevisste rollemodellar for dei unge, og ved vektlegginga av at det skal leggast til rette for ein relasjon mellom dei unge og minst ein tilsett ved institusjonen, kan ein tenkje seg at ein kan vera med på å legge til rette for at dei tilsette kan fungere som signifikante andre for dei unge (Berger & Luckmann, 2000; Bø & Schiefloe, 2007). I form av å vera autoritative vaksne som viser både varme og struktur, kan ein tenkje seg at dei tilsette i form av sine personlege eigenskapar og dei rutinane dei står for kan verte

oppfatta av dei unge som ein tryggleik i kvardagen (Rye, 2013). Vektlegginga av det å ikkje tvinge relasjonen fram, men heller la den kome av seg sjølv vert difor her veldig viktig. Det at dei tilsette legg vekt på at dei må vera sensitive overfor dei individuelle behova og ønska som dei unge har, viser at dei ser kvar enkelt av dei unge som aktørar i eigen kvardag. Dette er noko som kan vera med på å anerkjenne dei unge. Det at dei tilsette opptrer som rollemodellar i form av å balansere personlege ferdigheiter med profesjonell praksis, og gjennom dette legge til rette for at dei unge skal oppleve dei som trygge vaksne, kan ha ein innverknad på dei unge sin identitetsdanning. Dei eigenskapane som dei tilsette viser overfor dei unge kan tenkast at vert overført til dei unge. Det er difor viktig at dei tilsette er kongruente, sikre, og trygge i den måten dei utfører arbeidet sitt. Som ein signifikant andre i dei unge sitt liv kan dei og vera med på å gje dei unge ei oppleving av tilhør i kvardagen, dette gjennom å vera personar som dei unge føler seg knytt til. Dei haldingane som dei tilsette overfører til dei unge kan og tenkast å ha ein førebyggande effekt på negativ utvikling. Dette gjennom at dei unge lærer holdningar og strategiar som gjer det mogleg for dei å mestre kvardagen.

Det at dei tilsette opptrer som rollemodellar for dei unge kan og spele inn på i kva grad dei unge maktar å øve opp deira sosiale kompetanse. Det at dei tilsette er bevisst si eiga åtferd og sine holdningars, og korleis dei framstiller seg for dei unge kan vera med på å legge til rette for at dei unge kan internalisere holdningars som er med på å øve opp pro-sosial åtferd og sosial kompetanse hjå dei unge (Larsen, 2004). Det at dei tilsette legg vekt på at det skal vera lov å sei unnskyld, og at det skal vera mogleg å prate om det som gjer ein sint er eksempel på dette. Dei tilsette gjer det mogleg for dei unge å få øve opp sosial kompetanse gjennom å samhandle med dei, og viser korleis dei kan handtere sosiale situasjoner.

Tilhør og tryggleik er to sider av same sak, og det å legge til rette for den eine kan vera med på styrke den andre. Ein kan difor tenkje seg til at gjennom å ha eit fokus på det å ha ein god relasjon til bebruarane på institusjonen så kan dei tilsette gje dei unge ei oppleving tilhør til institusjonen. Gjennom den gode relasjonen vil det og ligge til rette for at dei unge vil kunne oppleve dei tilsette som trygge og stabile vaksne, noko som kan gje dei ei kjensle av tryggleik. Dette kan vera med på å legge til rette for at dei unge opplever både dei tilsette og institusjonen som ein trygg base. Relasjonskompetanse er difor særskilt viktig å inneha.

Vektlegginga som dei tilsette har på å myndiggjøre dei unge kan sjåast på som ein måte å

anerkjenne dei. Dette kan vidare sjåast som ein måte for å styrke relasjonen mellom dei tilsette og dei unge, då dette legg til grunn ein relasjon bygd på likeverd og gjensidig respekt (Gjertsen, 2003). Det at dei tilsette maktar å ta dei unge sitt perspektiv er og ein god indikator på relasjonskompetanse, då dette viser genuin interesse for den kvardagen dei unge har. Det at dei viser ei intersubjektiv forståing er og noko som kan sjåast på som ein god relasjonsbyggar.

Kåre sitt eksempel om skiltet er eit godt eksempel på korleis dei tilsette utøver sin faglege og personlege kompetanse. Kåre tek dei unge sitt perspektiv, og ser gjennom deira auge den opplevinga dei har av å bu på institusjonen. Samtidig myndiggjer han og dei unge gjennom å gje dei moglegheita til å vera med på å forme sin eigen kvardag og oppfatninga av seg sjølv. Det at dei unge kan føle skam eller stigma knytt til institusjonsopphaldet, og difor vera i ein forhandlingsposisjon om kva rolle dei har er noko Jansen (2010) la vekt på. Gjennom eksempelet med skiltet viser Kåre at han er bevisst den situasjonen dei unge er i, og legg opp til eit større forhandlingrom for dei unge når det kjem til opplevinga av eigen identitet. Det at dei tilsette er klar over den opplevinga som dei unge har av å bu i institusjon, og den innverknaden det kan tenkast å ha på deira identitet er noko som viser seg gjennom den faglege og personelege kompetansen som dei tar med seg inn i arbeidet. Ved å arbeide konsekvent med å legge til rette for at dei unge skal høre til og føle seg trygge legg dei og til rette for at dei unge skal få moglegheita for å ikkje oppleve unødvendig stress. Erikson (1968) legg vekt på at det å vera ungdom og å forme sin eigen identitet er som å hoppe over ei kløft frå barndommen til voksenlivet. Det å vera ungdom kan tenkast å vera meir enn nok stress i seg sjølv, og dei tilsette la difor vekt på at ungdommane ikkje skulle oppleve unødvendig stress i kvardagen.

#### 4.2.4 Omsorg

Omsorg var eit kjerneomgrep som vart trekt fram under samtalane med dei tilsette. Då Kristin vart spurt om kva jobben hennar innebar svara ho «tittelen er vel miljøterapeut, og då står du for oppfølging av barn, ungdom. Gir dei den daglege omsorga». Med dette la ho vekt på basale ting som for eksempel det å lage mat, rydde og vaske kle. «Altså, alle dei praktiske gjaremåla», men ei anna side ved det var å følgje dei unge opp innanfor skule og fritidsaktivitetar, og passe på at dei gjorde lekser. Dette kan sjåast på som stabile rutinar for dei

unge. Ei anna omsorgsbit som vart trekt mykje fram var den mentale omsorga som dei tilsette utøvde. På eit oppfølging spørsmål på kva Kristin la i den daglege omsorga svara ho

...Men så kjem det jo og ein annan omsorgsbit, sånn for eksempel viss nokon har det litt, leit på kvelden, det er jo ofte då tankane kjem, da veit ein jo med seg sjølv og, når da blir mørkt på rommet og ein blir aleine så gje litt ekstra tid på sengekanten, og lesa litt i ei bok.

Knut sa og at det handla mykje om det å legge til rette for den basale omsorga, men han svarte og «det er eigentleg veldig mykje, alt frå det som er, me er jo på ein måte «foreldra» me er jo omsorgspersonane deira. Så, det er jo alt som andre foreldre på ein måte andre foreldre må gjennom med sine ungdommar.». Dei tilsette opptrer som trygge vaksne for dei unge, og kan for dei unge opplevast som ein sikker base i form av at dei veit kor dei har dei tilsette.

Stabilitet og rutinar er noko som alle informantane og la særstak vekt på når dei prata om tryggleik og korleis dei la til rette for at dei unge skulle oppleve dette. Dei la vekt på at mange av dei unge kunne kome frå heimar der dei ikkje hadde hatt nokon klare grenser, og kunne då tenkast å gå rundt med mykje «uro i kroppen». I intervju med Kåre trakk han fram at dei unge ofte kunne opponere og teste ut dei grensene som var på institusjonen, men etter kvart meinte han at dei slo seg til ro. Difor meinte han at det var viktig at dei tilsette i byrjinga var svært rigide på dei reglane som låg til grunn, men at ein etter kvart som ungdommane hadde slått seg til ro kunne begynne å opne meir opp. Han meinte at grensene var med på å legge til rette for at dei unge skulle oppleve det som ein trygg plass å vera. Dette kan forståast som at han la vekt på at dei unge skulle oppleve ein føreseieleg kvardag.

Noko som kom fram gjennom intervjua var at alle informantane la vekt på at institusjonen skulle oppfattast som ein heim for dei unge som budde der. Det vart lagd stor vekt på at dei opplevde det å legge til rette for at dei unge opplevde tilhør var knytt opp mot det å ha eit eigarforhold til den plassen som dei budde på. Kåre trakk fram at der han arbeida vart det lagd vekt på at dei unge først skulle få eit eigarforhold til rommet sitt, så kunne ein etter kvart utvide frå det. Når dei unge kom til institusjonen kom dei til eit tomt rom, og så fekk dei sjølv vera med å plukke ut kva møblar og pyntegenstandar dei ville ha der. Ein bieffekt av at dei unge fekk eit eigarforhold til sitt eige rom, var og at det var ein mindre sjanse for at dei kunne gjere materiell skade på ting når dei utagerte, for då var det deira ting som vart øydelagd. Det kom samtidig fram at det kunne vera problematisk å få til ei oppleveling av at institusjonen

skulle vere ein heim, når dei unge fortsatt hadde kontakt med familien heime. Kristin svarte på spørsmålet om kva den daglege omsorga innebar at det var å «...hente på skule, heim, middag. Eller heim kan me vera litt forsiktig med å sei, for det er ikkje heimen til alle». På oppfølgingsspørsmål på kva ho la i dette utdjupa ho at det kunne variere frå sak til sak korleis institusjonen skulle framstillast for dei unge. Dette fordi opphaldsperiodane kunne variere, og relasjonen til familien måtte takast høgde for. Kåre på si side la vekt på at det å kjenne at institusjonen var heimen deira, og på spørsmål om korleis dei tilsette arbeida med det at dei unge skulle oppleve det som ein heim svara han.

Det går jo litt på det med tilhøyret igjen tenkjer eg. Det at ungdommane skal føle at dei er ein del av det her, ein del av huset. Heimen som me seier, me kallar det bevisst for heim. Når me pratar med ungdommane «når kjem du heim?» når me ringer dei. Me prøver heile tida, «no skal me heim» kan me sei. Me prøver heile tida å vere bevisst det då. Og så seier me «heim til mor og far» og sånn når dei skal dit. Så me prøver heile tida å skape to heimar då.

Knut og la vekt på at dei jobba bevisst med at dei unge skulle oppleve institusjonen som ein heim, og brukte omgrepene flittig gjennom intervjuet, blant anna som «..Og så kan du ha dei dagane der det går i eitt, i frå vekking om morgonen til langt på natt, når dei skal heim frå fest» «Kjem heim til middag, og god middag.». Det som utmerka seg spesielt var når han prata om korleis han oppfatta omgrepene tryggleik.

...For meg så er det det at ungane skal føle at dei har ein trygg base her. At dei veit dei kan komme heim her, sjølv dei som eg snakka om i stad har gått på ein smell og har drukke seg full på ein fest, så skal dei veta at dei kan kome heim her. Og det er ingen her som er, det blir ikkje kjeft, men heller ein samtale om kva har du lært av det du gjorde i går. I staden for at me kjefte dei huda full. For me er veldig opptatt av at me vil ha ungdommane heim, om det så er no seinare. Eller ja. Så for meg så er det med tryggleik at dei skal føle at dei har ein trygg plass å bu, og at det skal vera godt å kome heim, og me forstår dei, og dei kan prate med oss om det dei har på hjertet. Det er vel det eg legg mest i tryggleik.

Det at de unge hadde kontakt med familien heime kunne vere eit nyttig verkemiddel for å få til samhandling og tryggleik for dei unge knytt til det å bu på institusjonen, men kunne samtidig medføre problem med tanke på at dei unge ikkje fekk noko eigarforhold til institusjonen. Dette på grunn av at dei visste at dei berre skulle vere på institusjonen i ein kortare periode, og at dei difor ikkje vart like investert i det institusjonen hadde å tilby. Dei tilsette la vekt på at institusjonen kunne for dei unge opplevast som ein midlertidig stopp, utan nokon særlig betyding for deira livsløp. Dette følte dei tilsette gjorde det vanskeleg å legge til rette for at dei unge skulle oppleve tilhør til institusjonen. Gjennom intervjuet vart det lagd vekt på at dei unge ofte hadde to heimar. «Heimen» som var kvardagen på institusjonen og

det som dei rutinane og det nettverket som dei hadde knytt til dette, og den heimen som dei hadde heime hjå foreldra som var det gamle livet dei hadde hatt før institusjonen. Difor la dei tilsette vekt på at samarbeid med foreldra, eller andre som var knytt til den andre heimen til dei unge var sentralt for å kunne legge til rette for at dei unge skulle føle at dei kunne slappe av og høre til på institusjonen. Dei tilsette la vekt på at gjennom at dei unge såg at foreldra eller andre omsorgspersonar som dei hadde utanfor institusjonen støtta det arbeidet som dei tilsette gjorde, så vart det lettare for at dei unge slo seg til ro og trivdes på institusjonen.

Relasjonen mellom familien og ungdommen var noko som alle dei tilsette la stor vekt på, og på spørsmål om korleis dei arbeida for å unngå at dei unge opplevde relasjonsbrot vart det ofte trekt fram at så sant det ikkje var sett nokon stopp for det, så la dei til rette for at dei unge skulle få ha mykje samvær med familien. Dei la og vekt på at dei prøvde å arbeide tett med foreldra, og gjerne prøvde å legge til rette for at foreldra skulle etterfølgje dei reglane som var i institusjonen når dei unge var på besök heime. Den stabiliteten som dei faste rammene gjev kan tenkjast å gje ein ekstra tryggleik for dei unge. Samværet med familien vil og kunne vera med på å trygge dei unge gjennom at dei opplever at nokon som kan stå dei nær er der for dei.

Gjennom å legge til rette for trygge rammer og ein positiv relasjon legg dei til rette for at dei unge skal oppleve institusjonen, dei andre bebruarane, og dei tilsette som eit trygt område i deira liv, og det at dei har ei form for eigarskap til det (Gilligan, 2000, 2004). Dei tilsette og institusjonen opptrer både som ein metaforisk og ein reint fysisk trygg base for dei unge, og er ein plass der dei unge kan tenkjast å søke tilbake til når dei opplever utryggleik (Golding, 2008). Ein kan difor tenkje seg til at det kan vera problematisk for enkelte av dei unge å oppleve ei splitting mellom den heimen som dei har kvar dagen sin i, og ein heim som vert omtalt som «heime» for dei. Det at ein i enkelte tilfelle heller ikkje skal omtale institusjonen som ein heim for dei unge kan vera med på svekke i kva grad dei føler at dei har ein trygg base, noko som kan ha ein direkte innverknad på i kva grad dei unge opplever tryggleik.

Oppmodinga frå evalueringa av barnevernsreformen (Backe-Hansen, 2011) la vekt på at dei unge skulle få oppleve institusjonen som ein heim med familieliknande aktivitetar og struktur, dette kan difor bli problematisk med tanke på at dei tilsette legg til rette for at det skal vera to heimar. Det er uvisst kva som kan ligge bak, men ein kan tenkje seg til at det biologiske prinsipp (NOU 2012:5, 2012) kan ha ein innverknad i denne samanhengen, då det vert lagd opp til samvær med familien. Det at dei ikkje har fullstendig moglegheit for å knytte seg til institusjonen og dei som bur der kan ha ein innverknad på i kva grad dei unge føler at dei har

ein plass der dei høyrer til. Sett ut frå det Højlund (2011b) trekk fram kan ein sjå for seg at dei unge får ei sikkerheit i institusjon som legg til rette for at dei kan vidare forme sin eigen identitet. Det at dei har ein plass som dei kan kalle sin eigen er med på å gje dei noko fast i kvardagen. Det kan tenkjast at gjennom at dei tilsette legg opp til at det skal opplevast som ein heim, men likevel ikkje fullstendig vera ein heim, så legg dei ubevisst sperringane for i kva grad dei unge vil kunne oppleve det som ein heim. Dette kan tenkjast å få konsekvensar for korleis dei unge former sin eigen identitet når det kjem til det å bu på ein institusjon (Højlund, 2011b). Ei anna side knytt til om dei tilsette legg til rette for om institusjonen skal opplevast som ein heim eller ikkje for dei unge er i kva grad dei som vaksne føler at dei har ein plass og personar å søke tilbake til. Det at dei unge kan knyte røter til institusjonen kan vera med på å gje dei ein sikker base i vaksen alder, ein plass som dei kan søke tilbake til når dei opplever usikkerheit i kvardagen sin. Det at dei tilsette legg til rette for at dei unge skal oppleve det som ein heim kan vera med på å legge til rette for at dei unge har ein fysisk stad å knytte sin eigen identitet til, og gjennom dette oppleve tryggleik og tilhør i vaksen alder og.

Ser ein det å ha ein heim, og å oppleve den som trygg opp mot korleis Maslow (1970) tenkjer om det å få dekka mangelbehov og vekstbehov så ser ein at identitetsdanninga til dei unge vil og vera prega av at dei får moglegheita til sjølvaktualisering. Dette er spesielt relevant for ungdom, då dette er ein av kjernefaktorane innanfor identitetsutvikling og det å utvikle eit sunt sjølvbilete i vaksen alder. Dette kan verte vanskeleg i situasjonar der ungdom er plassert i institusjon og difor må følgje ein kvardag som er prega av reglar og rutinar. Alle dei tilsette la under intervju vekt på at dei var klar over at det å vekse opp i ein institusjon kunne ha ein innverknad på dei unge. Eksempel som vart trekt fram om det å låse inn knivar, og krasjet mellom det at institusjonen skulle oppfattast som ein heim og den rutineprega kvardagen var ting som vart lagd vekt på. I arbeidet med å fjerne risikofaktorar kan dei tilsette utilsikta kunne komme til å innskrenke den opplevinga dei unge har av å vera sjølvstendige individ. I prosessen med å forme sin eigen identitet vil dei unge vera avhengige av å oppleve autonomi knytt til eigne valg og den kvardagen dei lever i (Erikson, 1968). Dei er i ein forhandlingsprosess der dei prøver ut dei rollane som dei kan tenkjast å inneha i vaksen alder. Rutinane og reglane kan spele inn på korleis dei unge opplever seg sjølv og omverda. Omsorg og geniune relasjonar er difor viktig for dei unge i denne perioden, og det er her den faglege og personlege kompetansen til dei tilsette kjem inn. Kristin sin bruk av forklarande konsekvens og dei andre tilsette si vektlegging av å gjere kvardagen forståeleg for dei unge

kan vera med på å fjerne det stresset som dei unge kan tenkjast å oppleve som følgje av den høgst strukturerte kvardagen.

Knut sitt eksempel om å engasjera seg i dei aktivitetane som dei unge likar, sjølv om han ikkje syns det er noko kjekt sjølv, er eit godt eksempel på den kjærleiken som Thrana (2013) trekk fram som ein kjernefaktor i sosialt arbeid. Når Knut legg vekt på at dei tilsette på ein måte skal vera foreldra til dei unge i form av å vera omsorgsperson så viser han dette gjennom altruistiske handlingar. Det at han deltek i ein aktivitet som han ikkje har nokon interesse av er med på å underbygge dette. Aktiviteten i seg sjølv er med på å legge til rette for at dei unge trives, noko som i seg sjølv kan sjåast som ein form for omsorg. Den omsorga som dei tilsette opplever å gje er både ein basal og mental omsorg, eller ei materiell og ei følelsesmessig side (NOU 2011:10, 2011). Likevel kan ein sjå for seg at dei unge kan oppleve det at dei som har omsorg for dei er i ein posisjon der dei arbeider der for betaling, at det er betalt omsorg og dermed ikkje vert opplevd som genuin omsorg. Barnevernsinstitusjonane vert av NOVA definert som ein heim for dei unge, men og som ein arbeidsplass (Backe-Hansen, 2011). Dette er noko som kan føre til krasj, då det fører til motsettingar mellom dei unge og dei institusjonelle rammene og reglane som ligg til grunn. Dette kan påverke i kva grad dei unge oppfattar at institusjonen vil vera ein heim for dei. Det at dei tilsette har forskjellige holdningar til i kva grad institusjonen skal opplevast som ein heim for dei unge kan tenkjast å spele inn på i kva grad dei tilsette greier å legge til rette for dei unge sitt behov for tilhør. Det at ungdommene kan oppleve omsorga som vert gjeve som ei betalt form for omsorg har tidlegare blitt vist å spele inn på korleis dei oppfattar dei vaksne. Tidlegare forsking på området har vist at dette kunne spele inn på den relasjonen som var mellom dei tilsette og dei unge (Folladal, 2015; Gautun et al., 2006; Horneman, 1996). Gjennom å spele på sine personlege ferdigheter og erfaringar legg dei til rette for genuine relasjonar med dei unge der dei viste seg som kongruente i si rolle (Gjertsen, 2003; Larsen, 2004). Problemstillinga med det at dei unge opplever det som betalt omsorg kan og sjåast ut frå ei forståing av systemverda si okkupasjon av livsverda (Follesø, 2005; Habermas, 1987; Tysnes, 2014). Ungdom som veks opp i ein institusjon opplever at deira livsverd vert okkupert av det systemet som er reglane og rutinane som følger med betalt omsorg og det å bu i ein institusjonalisert setting. Ein kan og tenkje seg til at dei tilsette opplever at dei må tilpasse seg dei reglane som ligg til grunn, og må tilpasse den omsorga som dei vil gje, ikkje ut frå personlege ferdigheter og den enkeltes behov, men meir ut frå reglar og rammer som ligg til grunn for det institusjonelle

arbeidet. Turnusordninga som dei tilsette arbeider kan tenkjast å spele inn på den opplevinga av tryggleik som dei unge opplever. Dei unge opplever å måtte knytte seg til mange forskjellelege vaksenpersonar, og opplever at dei personane dei kanskje har god kontakt med må vera vekke i periodar. Dette kan tenkjast å spele inn på den opplevinga dei unge har av at det skal vera ein heim, og i kva grad dei opplever det som ein stabil atmosfære. Dette stemmer overeins med dei funna som vart gjort i brukarundersøkinga, der det vart lagt vekt på at dei unge ønska at vaksne som dei knyta seg til gjerne kunne vera i institusjonen i lengre periodar (Gautun et al., 2006). Dei tilsette må møte dei unge som stabile og trygge vaksenpersonar som dei unge kan føle at dei kan stole på, ein del av dette vil vera faste og klare turnusordningar som dei unge kan rette seg etter.

Ein kan, som nemnd tidlegare, sjå på sosialfagleg arbeid innanfor barnevern som eit produkt av både livsverda og systemverda (Follesø, 2005). Dei unge sin kvardag i institusjonen er i stor grad prega av dei reglane som vert sett ned av systemverda i form av føringar, intensjonsdokument og lovverk om korleis kvardagen deira skal vera. Arbeidet til dei tilsette og kva dei skal legge vekt på er og regulert av desse (Backe-Hansen, 2011; Barnevernloven, 1992; Gautun et al., 2006; NOU 2009:8, 2009; NOU 2012:5, 2012). Sjølv om desse er ein del av systemverda skal dei bygge på prinsipp som er å finne i livsverda. Ein kan likevel tenkje seg at det kan oppstå problem knytt til det at systemverda vert for distansert frå dei prinsippa som den skal bygge på i livsverda (Tysnes, 2014). Ein kan difor tenkje seg til at dei tilsette heile tida må gå ein balansegang mellom dei prinsippa som dei er lovpålagd å følgje, og dei vurderingane dei sjølv må ta for å ivareta dei unge sine individuelle behov. Dei unge i institusjonen kan tenkjast å oppleve at deira livsverd vert okkupert av systemet. Reglane som ligg til grunn for plasseringa og dei interne reglane i institusjonen er alle eit eksempel på korleis systemverda og det offentlege sine rutinar er med på å legge føringar på korleis dagsorden til dei unge skal vera.

Dei unge er fanga mellom det kvardagslege ved livsverda som følgjer med det å vekse opp og vera ein del av eit samfunn i ungdomstida si, og den institusjonelle kvardagen som følgjer med det å vekse opp innanfor barnevernet si omsorg. Dei tilsette arbeider i ein slags dobbeltposisjon der dei er både del av livsverda og systemverda. Dei er pliktig til å følgje fastsette lover og reglar som er med på å styre det arbeidet dei gjer, og pålegg dei korleis dei

skal interagere med dei unge. Samtidig må ein, for å kunne oppnå dei målsettingane som er fastsett gjennom lovverket, prøve å ivareta livsverda til dei unge. Ved å la personlege eigenskapar, og det å dele av seg sjølv som person vera med på å bli tatt i bruk som eit «verktøy av systemverda» kan ein legge til rette for livsverda sine verdiar. Dei humane verdiane og det individuelle som ligg til livsverda kan vera med på å legge til rette for at dei unge opplever tryggleik og tilhør i den institusjonelle kvardagen som er prega av reglar og føringar som ligg til systemverda. Ein kan difor tenkje seg til at innanfor institusjonelt barnevernsarbeid så vil Habermas (1987) sine tankar gjera seg gjeldane, men ikkje i form av at livsverda vert invadert av systemverda, men at systemverda vert invadert av livsverda. Dette for å legge til rette for dei humane verdiane som er idealet (Follesø, 2005; Tysnes, 2014). Eksempelet som Kristin kom med om at ho ikkje var noko verktøy, fordi det var noko hardt, er eit godt eksempel på den dualiteten som er å finne innanfor sosialt arbeid og spesialpedagogikk. Det at dei tilsette evnar å kunne ta dei unge sit perspektiv, og å sile mellom kva reglar som er nødvendige å oppretthalde i forhold til kva reglar som vil gå utover opplevingane til dei unge, er eit godt eksempel på korleis dei tilsette som gjennom sitt arbeid greier å flette saman livsverda og systemverda. Dei byråkratiske reglane som ligg til grunn vert vegd opp mot den innverknaden dei vil ha på dei unge sit sjølvbilete og deira oppleving av seg sjølv. Bevisstheita knytt til at dei unge veks opp under ein institusjonell setting er noko som dei tilsette tek høgde for, og dei bidrar gjennom dette til å prøve å avgrense den effekten som det å vekse opp innanfor ein institusjon prega av byråkratiske reglar vil ha for ein ungdom sin identitet (Gjertsen, 2003).

## **5.0 Oppsummering og konklusjon**

I arbeidet med å legge til rette for dei unge la dei tilsette vekt på at aktivitet var eit viktig verktøy. Gjennom å vise interesse for dei aktivitetane som dei unge var opptatt av kunne dei tilsette legge til rette for relasjonsbygging. Aktivitet vart og vektlagd som ein viktig faktor for å opparbeide sosial kompetanse hjå dei unge, og legge til rette for at dei unge skulle få moglegheita for å bygge sosiale nettverk. Aktiviteten legg grunnlaget for at dei tilsette kan legge til rette for trygge og stabile rammer gjennom tilbakevendande strukturar (Larsen, 2004). Det gjev moglegheiter for å bygge ein relasjon mellom dei tilsette og dei unge gjennom ein felles delt positiv oppleving (Storø, 2008). Dette kan vera med på å gje dei unge ei oppleving av tilhør i og utanfor institusjonen.

Skule var eit område som dei tilsette og la vekt på når dei prata om dei unge si oppleving av tilhør og tryggleik. Positive skuleerfaringar, og det å oppleve struktur og rammer utanfor institusjonen, var med på å legge til rette for at dei unge kunne oppleve kvardagen som meir trygg. Skulen vart og lagt vekt på som ein nyttig kjelde for dei unge når det kom til positive sosiale relasjonar, og oppøving av sosial kompetanse. Dette la til rette for at dei unge skulle oppleve tilhør. Skulen vart og lagd vekt på som ein viktig faktor i å legge til rette for framtida til dei unge. Skuletrivsel og utdanning er som nemnd tidlegare ein viktig faktor i det å førebygge risikofaktorar (Befring, 2012).

Ferdigheiter knytt til dei sjølve som person og deira profesjonsutøving var noko som dei tilsette la stor vekt på når det kom til å legge til rette for at dei unge skulle ha ein trygg kvardag. Relasjonskompetanse og det å vise seg som trygge vaksne, spelte inn på kor godt dei kunne bli kjend med dei unge, og la og til rette for at dei unge kunne oppleve dei tilsette som ein trygg base. Korleis dei tilsette valgte å framstille seg sjølv overfor dei unge var med på å påverke den jobben dei gjorde for å legge til rette for tilhør og tryggleik. Dei tilsette måtte opptre som profesjonelle aktørar, men også vise sine personlege sider i arbeidet med ungdommane.

Omsorg var den hovuddelen som dei tilsette la vekt på gjennom intervjuia, og stod fram som den viktigaste delen av arbeidet. Omsorga var gjennomgripande som eit bakanforliggende

prinsipp i dei andre områda av arbeidet som dei tilsette gjorde. Dei la vekt på både ei mental og ei fysisk side ved den omsorga dei gav, og knytte dette til alle dei andre arbeidsoppgåvene som dei hadde. Det at dei tilsette var i ein posisjon der omsorga dei gav kunne oppfattast som ei form for betalt omsorg, spelte inn på det arbeidet dei gjorde for å legge til rette for dei unge. Prinsippet med å legge til rette for at dei unge skulle oppleve institusjonen som ein heim var og noko som medførte visse problemstillingar i møte med dei unge. Det vart lagt vekt på at dei skulle føle tilknyting til institusjonen. Og, så sant det var mogleg, føle at dei hadde ein heim. Denne todeling kan ha spelt inn på i kva grad dei tilsette makta å legge til rette for at dei unge opplevde både å høyre til på institusjonen og hjå foreldra. Dette kan tenkjast å spele inn på i kva grad dei unge opplever tilhøyr til institusjonen, og kan ha ein innverknad på opplevelinga av institusjonen som ein trygg base.

Konklusjonen i denne studien er at dei tilsette i det arbeidet dei gjer legg vekt på rammer, struktur og relasjonar når dei fokuserer på å legge til rette for tilhøyr og tryggleik hjå dei unge. Den posisjonen og rolla som dei tilsette innehavar er med på å forme den oppfatninga dei unge har av seg sjølv og sin kvardag. Det er difor viktig at dei tilsette er var for si rolle som både profesjonsutøvar og privat individ i møte med dei unge. Dei må heile tida balansere dei personlege og humane verdiane som ligg i det å la dei unge vera sjølvstendige individ og oppleve tilhøyr opp mot dei lovpålagde reglane og rutinane som skal sikre at dei unge opplever tryggleik i institusjonen. I arbeidet med å legge til rette for tryggleik og tilhøyr må dei tilsette vera bevisst på den situasjonen dei unge er i, og at handlingane og holdningane dei viser gjennom arbeidet vil vera med på å påverke korleis dei unge vel å forme sin eigen identitet. Dei tilsette vil vera naturlege rollemodellar for dei unge, og dei tilsette må difor vera bevisst dette og handle deretter.

I løpet av denne studien har eg heile tida vore bevisst mi rolle som forskar, og korleis eg speler inn og er eit verktøy i møte med den verkelegheita som informantane presenterer for meg. Gjennom å ta i bruk ei kvalitativ tilnærming til intervjuia, med fokus på ei hermeneutisk-fenomenologisk fortolking opplevde eg at det i stor grad var eg som forskar som styrte kva som skulle vera fokusområdet i studien. Member-checkinga var difor ein fin moglegheit for å kunne sjekke med informantane om dei fortolkingane eg hadde gjort meg stemde overeins med det dei hadde prøvd å formidle. Før-forståinga mi vart og satt på prøve igjennom studien.

Eg opplevde at eg vart overraska ein del gjennom intervjeta, og i møte med dei utsegna som informantane kom med. Det eg hadde lest og erfart frå før passa ikkje alltid saman med dei forteljingane som informantane kom med, og eg opplevde at eg måtte revurdere min eigen ståstad. Dei tilsette bekrefta riktig nok det eg hadde lest og erfart knytt til den basale omsorga og korleis dei valgte å arbeide som ein profesjonsutøvar. Vektlegginga av relasjonen, det at dei tok dei unge sitt perspektiv, og det at dei la vekt på rammer og struktur passa saman med den forståinga eg hadde frå før av. Det som overraska meg var derimot det arbeidet dei gjorde knytt til at institusjonen skulle opplevast som ein heim for dei unge, og kor mykje dei faktisk var opptekne av å gje av seg sjølve som personar. Det at dei tilsette la vekt på aktivitet både i form av fysisk, men og estetisk aktivitet. var og noko som eg ikkje såg for meg i byrjinga. Dei tilsette si forståing av eigen rolle, og påverknaden dei hadde i dei unge sitt liv var noko som eg forventa meg. Vektlegginga av korleis det å vekse opp i institusjonen og den innverknaden dette kunne ha på identiteten til dei unge var derimot noko eg ikkje hadde sett for meg.

Målet med denne studien var å sette fokus på korleis arbeidet med barn og unge i institusjon vert gjennomført, og kva faktorar dei tilsette vektlegg for å gjennomføre dette arbeidet. Ved å rette fokus på dette ser eg for meg at dette kan gje moglegheiter for ein samfunnsdebatt rundt kva prinsipp som skal råde innanfor sosialt arbeid og korleis regelverk kan vera med på å spele inn på den identitetsprosessen som brukarane er i.

Vidare forsking etter dette står opent, og det er mange moglegheiter for å ta dei funna som vart gjort her vidare. Resultata av den fortolkinga som vart gjort her kan ha visse naturalistisk generaliserbare eigenskapar (Postholm, 2010). Dette i form av at resultata kan tenkjast å spele inn på blant anna det arbeidet som spesialpedagogar og lærarar gjer i møte med ungdom i liknande situasjonar. Det hadde vore interessant å gjennomført eit nytt kvalitativt prosjekt med tilsette innanfor kommunale eller statlege institusjonar for ungdom for å sjå om deira opplevelingar av eigen profesjon var annleis enn den hjå dei tilsette som vart intervjeta her. Ein kunne og ha gjennomført ei kvantitativ studie i form av ei spørjeundersøking innanfor private institusjonar eller andre liknande institusjonar som hadde som formål å arbeide med ungdom der ein kunne ha bygd opp kategoriar og spørsmål ut i frå dei funna som vart gjort her. Det å få ei betre innsikt i korleis ungdom i institusjon faktisk opplever den omsorga som vert gjeve dei kunne og ha vore eit mogleg forskingsprosjekt. Det er særskilt viktig å få meir kunnskap både

om korleis dei unge opplever det å bu i institusjon, og korleis ein kan legge til rette for dei. Men og korleis dei tilsette arbeider og det å få tak i kva tiltak som fungerer og ikkje fungerer i møte med ungdom. Til saman kan dette legge grunnlaget for å betre den situasjonen som dei unge er i, og kanskje gje fleire av dei ei moglegheit for å fullføre eit utdanningsløp og gjennomføre ei høgare utdanning.

## Kjelder

- Backe-Hansen, E. (2011). *Institusjonsplassering - siste utvei? : betydningen av barnevernsreformen fra 2004 for institusjonstilbudet* (NOVA-rapport Vol. 21/2011). Henta 10. januar 2016, fra [http://nova.no/asset/5057/1/5057\\_1.pdf](http://nova.no/asset/5057/1/5057_1.pdf)
- Barne- og familidepartementet. (2003). *FNs konvensjon om barnets rettigheter : vedtatt av De forente nasjoner 20. november 1989, ratifisert av Norge 8. januar 1991 : revidert oversettelse mars 2003 med tilleggsprotokoller* Henta 3. april 2016, fra [https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/kilde/bfd/bro/2004/0004/ddd/pdfv/178931-fns\\_barnekonvensjon.pdf](https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/kilde/bfd/bro/2004/0004/ddd/pdfv/178931-fns_barnekonvensjon.pdf)
- Barne- og likestillingsdepartement. (2014). *Ulike barnevernsinstitusjoner*. Henta 3. mars 2016, fra <https://www.regjeringen.no/no/tema/familie-og-barn/barnevern/barnevernsinstitusjon/ulike-barnevernsinstitusjoner/id2008598/>
- Barnevernloven. (1992). Lov om Barneverntjenester. Henta 17. februar 2016, fra <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1992-07-17-100>
- Befring, E. (2012). Forebygging blant barn og unge i et psykososialt perspektiv. I E. Befring & R. Tangen (Red.), *Spesialpedagogikk* (5. utg., s. 129-146). Oslo: Cappelens Akademiske Forlag.
- Berger, P. L., & Luckmann, T. (2000). *Den samfunnsskapte virkelighet* (F. Wiik, Overs.). Bergen: Fagbokforlaget.
- Borge, A. I. H. (2010). *Resiliens : risiko og sunn utvikling* (2. utg.). Oslo: Gyldendal akademisk.
- Bø, I., & Schiefloe, P. M. (2007). *Sosiale landskap og sosial kapital : innføring i nettverkstenkning*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Clausen, S.-E., & Kristofersen, L. B. (2008). *Barnevernsklienter i Norge 1990-2005 : en longitudinell studie* (NOVA-rapport Vol. 3/2008). Henta 23. mars 2016, fra [http://www.nova.no/asset/3236/1/3236\\_1.pdf](http://www.nova.no/asset/3236/1/3236_1.pdf)
- Dukes, S. (1984). Phenomenological methodology in the human sciences. *Journal of Religion and Health*, 23(3), s 197-203. doi: 10.1007/BF00990785
- Dyrhaug, T. (2015). *Barnevernsinstitusjoner, 2014*. Henta 7. mars 2016, fra <http://ssb.no/sosiale-forhold-og-kriminalitet/statistikker/barneverni/aar/2015-10-22#content>
- Egelund, T., & Hestbæk, A.-D. (2003). *Anbringelse af børn og unge uden for hjemmet : en forskningsoversigt* (Socialforskningsinstituttet Vol. 03:04). Henta 18. mars 2016, fra <http://www.sfi-campbell.dk/Files/Filer/SFI/Pdf/Rapporter/2003/0304Anbringelse.pdf>
- Erikson, E. H. (1968). *Identity : youth and crisis*. London: Faber & Faber.
- Folladal, K. (2015). *Ungdom sine opplevelser av å bo i barneverninstitusjon: en studie om hvordan ungdom opplever å bo i barneverninstitusjon* (Mastergradsavhandling, NTNU). Trondheim: NTNU.

- Follesø, R. (2005). *Kritisk teori i sosialt arbeid*. Oslo: Gyldendal akademisk.
- Gadamer, H.-G. (2001). Ophøyelsen av forståelsens historitet til hermeneutisk prinsipp (T. Skogen & S. Lægreid, Overs.). I S. Lægreid & T. Skogen (Red.), *Hermeneutisk lesebok* (s. 115-135). Oslo: Spartacus Forlag.
- Gautun, H., Sasaoka, K., & Gjerustad, C. (2006). *Brukerundersøkelse i barnevernsinstitusjonene* (NOVA-rapport Vol. 9/06). Henta 18. mars 2016, fra <http://www.bufdir.no/nn/Bibliotek/Dokumentside/?docId=070097828>
- Gilligan, R. (2000). Adversity, Resilience and Young People: The Protective Value of Positive School and Spare Time Experiences. *Children & Society*, 14(1), s 37-47. Henta 24. Januar 2016, fra <http://eds.a.ebscohost.com/eds/detail/detail?sid=80bbb143-8c0e-4147-9352-9c81b33d63cb%40sessionmgr4007&vid=0&hid=4213&bdata=JnNpdGU9ZWRzLWxpdmU%3d#AN=12063692&db=pbh>
- Gilligan, R. (2004). Promoting resilience in child and family social work: issues for social work practice, education and policy. *The International Journal*, 23(1), s 93-104. doi: 10.1080/0261547032000175728
- Gjertsen, P.-Å. (2003). *Sosialpedagogikk*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Golding, K. S. (2008). *Nurturing attachments : supporting children who are fostered or adopted*. London: Jessica Kingsley Publishers.
- Habermas, J. (1987). *The theory of communicative action : 2 : Lifeworld and system : a critique of functionalist reason*. Boston: Beacon Press.
- Horneman, K. (1996). *De stygge andungene og hjelperne deres* (Mastergradsavhandling, NTNU). Trondheim: NTNU.
- Højlund, S. (2011a). Fodspor og Fremtid(er). I T. Egelund & T. B. Jakobsen (Red.), *Døgninstitutionen* (s. 181-204). København: Hans Reitzel.
- Højlund, S. (2011b). Home as a model for sociality in Danish children's homes: A Question of Authenticity. *Social Analysis*, 55(2), s 106-120. Henta 10. april 2016, fra <http://eds.a.ebscohost.com/eds/detail/detail?sid=6ee1e4b2-264c-47af-8f41-f3b2c0c6ffeb%40sessionmgr4007&vid=0&hid=4213&bdata=JnNpdGU9ZWRzLWxpdmU%3d#AN=65632295&db=pbh>
- Jansen, A. (2010). Victim or troublemaker? Young people in residential care. *Journal of Youth Studies*, 13(4), s 423-437. doi: 10.1080/13676261003801770
- Krüger, V., & Stige, B. (2013). Perspektiv på musikkterapi i barnevernet ; musikk som ressurs for å fremme barn og unges deltagelse. *Tidsskriftet Norges barnevern*, 90(2), s 110-124. Henta 29. juni 2016, fra [https://www.idunn.no/tnb/2013/02/perspektiv\\_paa\\_musikkterapi\\_i\\_barnevernet\\_-\\_musikk\\_som\\_res](https://www.idunn.no/tnb/2013/02/perspektiv_paa_musikkterapi_i_barnevernet_-_musikk_som_res)
- Kvale, S., & Brinkmann, S. (2015). *Det kvalitative forskningsintervju* (3. utg.). Oslo: Gyldendal akademisk.

- Larsen, E. (2004). *Miljøterapi med barn og unge : organisasjonen som terapeut*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Lawn, C. (2006). *Gadamer : a guide for the perplexed*. London: Continuum.
- Lincoln, Y. S., & Guba, E. G. (1985). *Naturalistic inquiry*. Beverly Hills, Calif: Sage.
- Martin, P. Y., & Jackson, S. (2002). Educational success for children in public care: advice from a group of high achievers. *Child & Family Social Work*, 7(2), s 121-130. doi: 10.1046/j.1365-2206.2002.00240.x
- Maslow, A. H. (1970). *Motivation and personality* (2. utg.). London: Harper & Row.
- Moustakas, C. (1994). *Phenomenological research methods*. Thousand Oaks: Sage.
- NESH. (2006). *Forskningsetiske retningslinjer for samfunnsvitenskap, humaniora, juss og teologi*. Henta 15. februar 2016, fra <https://www.etikkom.no/globalassets/documents/publikasjoner-som-pdf/forskningsetiske-retningslinjer-for-samfunnsvitenskap-humaniora-juss-og-teologi-2006.pdf>
- NESH. (2014). *Generelle forskningsetiske retninglinjer*. Henta 15. februar 2016, fra <https://www.etikkom.no/forskningsetiske-retningslinjer/Generelle-forskningsetiske-retningslinjer/>
- NOU 2009:8. (2009). *Kompetanseutvikling i barnevernet : kvalifisering til arbeid i barnevernet gjennom praksisnær og forskningsbasert utdanning*. Henta 25. februar 2016, fra <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nou-2009-08/id558007/?ch=1&q=>
- NOU 2011:10. (2011). *I velferdsstatens venterom : mottakstilbudet for asylsökere*. Henta 18. mars 2016, fra <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nou-2011-10/id645250/?ch=1&q=>
- NOU 2012:5. (2012). *Bedre beskyttelse av barns utvikling : ekspertutvalgets utredning om det biologiske prinsipp i barnevernet*. Henta 11. mars 2016, fra <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nou-2012-5/id671400/?ch=1&q=>
- Ogden, T. (2009). *Sosial kompetanse og problematferd i skolen* (2. utg.). Oslo: Gyldendal akademisk.
- Postholm, M. B. (2010). *Kvalitativ metode : en innføring med fokus på fenomenologi, etnografi og kasusstudier* (2. utg.). Oslo: Universitetsforlaget.
- Resilience. (u.å). *Meriram-Webster*. Henta 26. januar 2016, fra <http://www.merriam-webster.com/dictionary/resilience>
- Ruud, E. (1990). *Musikk som kommunikasjon og samhandling : teoretiske perspektiv på musikkterapien*. Oslo: Solum.
- Rye, J. F. (2013). Mead, Berger & Luckmann og de signifikante andre. *Sosiologisk tidsskrift*, 21(02), s 169-189. Henta 13. februar 2016, fra

[https://www.idunn.no/st/2013/02/mead\\_berger\\_amp\\_luckmann\\_og\\_de\\_signifikante\\_a\\_ndre](https://www.idunn.no/st/2013/02/mead_berger_amp_luckmann_og_de_signifikante_a_ndre)

Skaalvik, E. M., & Skaalvik, S. (2005). *Skolen som læringsarena : selvoppfatning, motivasjon og læring*. Oslo: Universitetsforlaget.

Skilbred, D., & Iversen, A. C. (2014). Unge voksne som har bodd i fosterhjem og tatt høyere utdanning: suksessfaktorer? *Tidsskriftet Norges barnevern*, 91(04), s 161-176. Henta 23. oktober 2015, fra  
[https://www.idunn.no/tnb/2014/04/unge\\_voksne\\_som\\_har\\_bodd\\_i\\_fosterhjem\\_og\\_tatt\\_hoeyere\\_udann](https://www.idunn.no/tnb/2014/04/unge_voksne_som_har_bodd_i_fosterhjem_og_tatt_hoeyere_udann)

Stensæth, K., Wold, E., & Mjelve, H. (2012). "Trygge barn som utfolder seg": De estetiske fagenes funksjon i spesialpedagogisk arbeid. I E. Befring & R. Tangen (Red.), *Spesialpedagogikk* (5. utg., s. 303-320). Oslo: Cappelens Akademiske Forlag.

Storø, J. (2008). *Sosialpedagogisk praksis : det handler om hva du gjør*. Oslo: Universitetsforlaget.

Thagaard, T. (2013). *Systematikk og innlevelse : en innføring i kvalitativ metode* (4. utg.). Bergen: Fagbokforlaget.

Thrana, H. M. (2013). Kjærlighet: en kjernekompesanse i profesjonelt barnevernsarbeid? *Tidsskriftet Norges barnevern*, 90(01), s 5-17. Henta 28. desember 2015, fra  
[https://www.idunn.no/tnb/2013/01/kjaerlighet\\_en\\_kjernekompesanse\\_i\\_profesjonelt\\_barnevernsarbeid](https://www.idunn.no/tnb/2013/01/kjaerlighet_en_kjernekompesanse_i_profesjonelt_barnevernsarbeid)

Tysnes, I. B. (2014). *Ungdommenes opplevelse av plassering, opphold og ettervern : en studie av institusjonsplasseringer etter lov om barneverntjenester § 4.24* (Doktorgradsavhandling, NTNU). Trondheim: NTNU.

Van Manen, M. (1990). *Researching Lived Experience : Human Science for an Action Sensitive Pedagogy*. Albany: State University of New York Press.

Werner, E. E., & Smith, R. S. (1992). *Overcoming the odds : high risk children from birth to adulthood*. Ithaca, N.Y: Cornell University Press.

## **Vedlegg**

### **Vedlegg 1**

#### **Temaguide for intervju**

Mitt namn er Sindre Bårtvedt og eg skriv ei masteroppgåve om tilsette ved ein barnevernsinstitusjon opplever at det arbeidet dei gjer si innverknad på dei unge som bur der sitt behov for tilhøyr og tryggleik. Eg vil difor stilla deg nokon spørsmål rundt dette, eg håpar det er greitt om eg tar opp samtalen på band, dette for å gjer det lettare for meg i ettertid å behandle dei opplysningane som kjem ut av intervjuet. Du kan kor tid som helst be meg om å slå av bandopptakaren, og du står fritt til å avbryte intervjuet om du ønsker det.

For å sikre at tausheitsplikta vert ivaretatt må eg be deg om å ikkje gå inn på enkeltsaker. Eg må og be deg om å utelate namn, eller eventuelt finne på andre namn på eventuelle personar som vert nemnt i intervjuet. Dette for å sikre deira rett til å ikkje verte forska på utan deira samtykke.

#### **Innleiing**

- Kan du fortelja meg litt om deg sjølv?
  - Alder
  - Utdanning
  - Fritidsaktivitetar

#### **Arbeidet**

- Kan du fortelja meg litt om arbeidet ditt?
  - Kva gjer du?
  - Kor lenge har du arbeida med det?
    - Byrja
    - Arbeida her?
    - Andre plassar?
  - Korleis opplever du arbeidet ditt?
    - Kan du beskriva ein god dag på jobb
    - Kan du beskriva ein mindre bra dag på jobb

- Er det noko som har gjort spesielt inntrykk på deg gjennom jobben din med unge?
  - Utdjup?
  
- Kor lenge har du arbeida med barnevern?
  - Her?
  - Andre stader?
  - Endring i faget?

### **Dei unge**

- Kva legg du i omgrepet tilhøyr?
  - Utdjup
  - (Spør om relasjonar)
  - Kva trur du det betyr for dei unge?
  - Oppfølging
  - Korleis prøver du å legge til rette for dette gjennom arbeidet ditt?
  
- Kva betyr omgrepet tryggleik for deg?
  - (Spør om stabilitet)
  - Utdjup
  - Kva trur du det betyr for dei unge?
  - Korleis prøver du å tilrettelegge for dette gjennom arbeidet ditt?
  
- Korleis arbeider du med barn og unge?
  - metode
  - tiltak?
  - livsfilosofi
  - kontakt
  - engasjement
  - humor
  - enkeltpersonar?
  - Gruppe?

- Sosial kompetanse?
  - Relasjonsbrot?
  - Utdjupe
- Kva er viktigast for deg i møtet med dei unge?
  - Kva legg du vekt på?
  - Kort sikt
  - Lang sikt

## **Skulen**

- Korleis opplever du at skulen spelar inn i dei unge sin kvardag?
  - Vektlegging på utdanning?
  - Lærarar
  - Vener
  - Mestring
- Korleis arbeidar du med dei unge når det kjem til skulegong?
  - Framtida
  - Holdningar
  - Skulevegring
  - Mestring
  - Vanskar

## **Avslutting**

- Er det noko eg har gløymd å spørje deg om/noko du har lyst til å fortelje meir om
  - Arbeidet
  - Dei unge
  - Skulen`
- Korleis synest du at intervjuet har gått?



## Vedlegg 2

### Informasjonsskriv

## Forespørsel om deltaking i forskingsprosjektet

### «*Tilhøyr og tryggleik hjå unge institusjonsbebruarar*»

#### Bakgrunn og formål

Mitt namn er Sindre Bårtvedt, og eg ønsker gjennomføre eit prosjekt om tilhøyr og tryggleik hjå unge som bur i institusjon i regi av barnevernet. Dette er ei masteroppgåve i spesialpedagogikk ved pedagogisk institutt ved NTNU. Studien dreier seg om korleis tilsette ved barnevernsinstitusjonar opplever det å legge til rette for institusjonsbebruarane sine behov for tryggleik og tilhøyr.

Problemstillinga i denne oppgåva er: «*Korleis opplever tilsette ved ein barnevernsinstitusjon det å tilrettelegge for unge institusjonsbeuarar sine behov for tilhøyr og tryggleik?*».

Dei som vert kontakta om å vere med i denne studien vert veld ut frå det grunnlaget at dei per dags dato arbeidar innanfor ein norsk barnevernsinstitusjon.

#### Kva innebær deltaking i studien?

Studien tek sikte på å gjennomføre dybdeintervju med dei tilsette om deira opplevelingar. Spørsmåla kjem til å dreie seg om arbeidet deira innanfor barnevernet og institusjonen, korleis dei opplever sin eigen relasjon til dei unge, korleis dei arbeider for å betre dei unge sin kvardag, korleis dei legg til rette for skulegangen til dei unge, og kva refleksjonar dei har gjort seg rundt det å arbeide med barn og unge i ein utsett situasjon. Det vil ikkje verte spurt om enkeltsaker, men berre om generelle arbeidsoppgåver og opplevelingar. Intervjuet kjem til å vare mellom 45 min og 1 time og 30 min. Hvis det vert tid vil det eventuelt vera ønskeleg å gjennomføre ein andre intervjurunde med deltakarane om det som vert funne i analysen.

Intervjua vil helst om det er mogleg bli tatt opp på lydband eller opptakarutstyr, dette for å sikre at det som vert sagt i intervjua kan gjengivast så riktig som mogleg.

### **Kva skjer med informasjonen om deg?**

Alle personopplysningars vil bli behandla konfidensielt. Personopplysingane som vert innhenta gjennom denne studien vil berre vera tilgjengelege for meg, og eventuelle notater som vert gjort på grunnlag av dei vil berre vera tilgjengelege for meg og veiledar.

Opptaka som vert gjort gjennom intervjua vil ikkje bli digitalisert, og vil ikkje vera tilgjengelege for andre enn meg. Informasjonen som vert innehenta gjennom intervjua vil bli anonymisert, og deltarane vil bli gitt pseudonym. Opptaka vil ved transkribering verte omskrive frå lyd til tekst, noko som vil bli gjort av meg personleg. Ved transkribering av opptaka vil eventuelle personidentifiserande opplysingar bli fjerna eller endra på for å sikre at dei ikkje kan sporast tilbake til enkeltpersonar. Dei transkriberte intevjua vil berre eg og veiledar ha tilgong til. Lydopptaka som vert gjort vil bli oppbevart nedlåst, og vil bli sletta så snart dei er transkriberte.

Informasjonen som vert innhenta om eventuelle tredjepartar som institusjonsbevarar, medarbeidarar og liknande vil verte anonymisert allereie i frå intervjuasjonen. Alle spørsmål som vert stilt vil vera vinkla slik at dei ikkje kjem innom ting som kan vera omfatta av tausheitsplikta, og det er erfaringane og opplevingane til deltarane som vil vera i fokus.

Det vert lagd vekt på at ved publisering av prosjektet vil det ikkje vera mogleg å spore tilbake nokon av opplysningane som er gjeve av enkeltpersonar.

Prosjektet skal etter planen vera avslutta innan Juli 2016, og då vil notater eller eventuelle journalar som inneheld personopplysingar verte destruert.

### **Frivillig deltaking**

Det er frivillig å delta i studien, og du kan kortid som helst velje å trekke ditt samtykke utan å måtte oppgje nokon grunn for dette. Dersom du trekk deg, vil alle opplysingar om deg bli anonymisert.

Om du ønsker å delta eller ha spørsmål knytt til studien, ta kontakt med Sindre Bårtvedt,  
Tlf: 90 78 55 42.

Mail: [sindre90@hotmail.com](mailto:sindre90@hotmail.com)

Biveiledar for denne oppgåva er Førstelektor Monica Bjerklund ved Dronning Mauds  
Minnehøgskule for barnehagelærarutdanning.

Tlf: 73 80 52 00.

Mail: [mbj@dmmh.no](mailto:mbj@dmmh.no)

Dagleg ansvarleg veiledar for oppgåva er Instituttleder/ Førsteamansis Hans Petter  
Ulleberg ved Institutt for pedagogikk og livslang læring og Pedagogisk institutt ved NTNU.  
Tlf: 73 59 02 86

Mail: [hans.petter.ulleberg@svt.ntnu.no](mailto:hans.petter.ulleberg@svt.ntnu.no)

Studien er meldt til Personvernombudet for forskning, Norsk samfunnsvitenskapelig  
datatjeneste AS.

### **Samtykke til deltakelse i studien**

Jeg har mottatt informasjon om studien, og er villig til å delta

---

(Signert av prosjektdeltaker, dato



## Vedlegg 3

### Tilbakemelding fra NSD

**Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste AS**  
NORWEGIAN SOCIAL SCIENCE DATA SERVICES



Hans Petter Ulleberg  
Pedagogisk institutt NTNU

7491 TRONDHEIM

Vår dato: 14.01.2016

Vår ref: 46000 / 3 / MSS

Deres dato:

Deres ref:

Harald Håfagres gate 29  
N-5007 Bergen  
Norway  
Tel. +47-55 58 21 17  
Fax. +47-55 58 96 50  
nsd@nsd.uib.no  
www.nsd.uib.no  
Org nr. 985 321 884

#### TILBAKEMELDING PÅ MELDING OM BEHANDLING AV PERSONOPPLYSNINGER

Vi viser til melding om behandling av personopplysninger, mottatt 07.12.2015. Meldingen gjelder prosjektet:

46000	<i>Tilhør og tryggleik hjå unge institusjonsbeboarar</i>
Behandlingsansvarlig	NTNU, ved institusjonens øverste leder
Daglig ansvarlig	Hans Petter Ulleberg
Student	Sindre Bårvædt

Personvernombudet har vurdert prosjektet, og finner at behandlingen av personopplysninger vil være regulert av § 7-27 i personopplysningsforskriften. Personvernombudet tilrår at prosjektet gjennomføres.

Personvernombudets tilråding forutsetter at prosjektet gjennomføres i tråd med opplysingene gitt i meldeskjemaet, korrespondanse med ombudet, ombudets kommentarer samt personopplysningsloven og helseregisterloven med forskrifter. Behandlingen av personopplysninger kan settes i gang.

Det gjøres oppmerksom på at det skal gis ny melding dersom behandlingen endres i forhold til de opplysnings som ligger til grunn for personvernombudets vurdering. Endringsmeldinger gis via et eget skjema, <http://www.nsd.uib.no/personvern/meldeplikt/skjema.html>. Det skal også gis melding etter tre år dersom prosjektet fortsatt pågår. Meldinger skal skje skriftlig til ombudet.

Personvernombudet har lagt ut opplysninger om prosjektet i en offentlig database, <http://pvo.nsd.no/prosjekt>.

Personvernombudet vil ved prosjektets avslutning, 01.05.2016, rette en henvendelse angående status for behandlingen av personopplysninger.

Vennlig hilsen

Vigdis Namtvedt Kvalheim

Marie Strand Schildmann

Kontaktperson: Marie Strand Schildmann tlf: 55 58 31 52

Vedlegg: Prosjektvurdering

*Dokumentet er elektronisk produsert og godkjent ved NSDs rutiner for elektronisk godkjenning.*

Avtelingskontorer / District Offices

OSLO NSD: Universitetet i Oslo, Postboks 1055 Blindern, 0316 Oslo. Tel: +47-22 85 52 11. nsd@uio.no  
TRONDHEIM NSD: Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet, 7491 Trondheim. Tel: +47-73 59 19 07. kyrre.svanaa@svt.ntnu.no  
TROMSØ NSD: SVF, Universitetet i Tromsø, 9037 Tromsø. Tel: +47-77 64 43 36. nsdmaa@svt.ut.no

**Prosjektvurdering - Kommentar**

Prosjektnr: 46000

Fornålet med prosjektet er å undersøke hvordan tidligere barnevernsbarn i alderen 20–30 år reflekterer over opplevelser som de hadde da de bodde på institusjon i regi av barnevernet. Dette for å få et innsyn i hvordan hverdagen deres var, og hvilke refleksjoner de har gjort seg om det de har opplevd. Prosjektet vil fokusere på hvordan de unge opplevde at lærere og institusjonspersonell spilte inn på deres opplevelse av å høre til i hverdagen. Prosjektet gjennomføres som del av en mastergrad i spesialpedagogikk ved pedagogisk institutt ved NTNU.

Utvalget består av personer over 18 år som har bodd på institusjon i regi av barnevernet.

Utvalget informeres skriftlig om prosjektet og samtykker til deltagelse. Informasjonsskrivet er godt utformet, men det må påføres at Hans Petter Ulleberg ved NTNU er daglig ansvarlig for prosjektet og at Monica Bjerkhund ved Dronning Mauds Minneshøgskole er biveileder. Vi viser til telefonsamtale med student den 13.01.2016 hvor dette er avklart

Revidert informasjonsskriv skal sendes til [personvernombudet@nsd.no](mailto:personvernombudet@nsd.no) for utvalget kontaktes.

Det er avklart med student at det bor tas hoyde for at det vil behandles sensitive personopplysninger om helseforhold, jf. personopplysningsloven § 2, punkt 8 c). Det er videre avklart at det vil kunne fremkomme opplysninger om tredjepersoner i forbindelse med intervjuene. Da student ikke vil ha tilgang til kontaktopplysninger og siden tredjeperson opplysninger skal anonymiseres førtlopende ved transkripsjon, finner vi at student kan unntas fra underrettelsesplikten overfor tredjepersoner. Vi anbefaler at student gjør informantene oppmerksom på i forkant av intervjuene at det ikke er ønskelig at noen omtales ved navn eller på andre veldig identifiserbare måter.

Det fremgår av det innmeldte at det vil være ønskelig å få tilgang til elevmappe fra tidligere skole. Dette gjøres informantene oppmerksom på. Den enkelte informant må få informasjon om hva slags opplysninger man er interessert i i forbindelse med prosjektet og hvilke opplysninger som skal registreres som del av datamaterialet. Personvernombudet antar at skolen vil kreve at den enkelte eksplisitt samtykker skriftlig til utlevering av materialet og at det i en slik erklæring må fremgå hvilken skole det gjelder.

Personvernombudet legger til grunn at forsker etterfolger NTNU sine interne rutiner for datasikkerhet.

Forventet prosjektlutt er 01.05.2016. I følge prosjektmeldingen skal innsamlede opplysninger da anonymiseres. Anonymisering innebærer å bearbeide datamaterialet slik at ingen enkelpersoner kan gjenkjennes. Det gjøres ved å:

- slette direkte personopplysninger (som navn/koblingsnokkel)
- slette/omskrive indirekte personopplysninger (identifiserende sammenstilling av bakgrunnsopplysninger som

f.eks. bosted/arbeidssted, alder og kjønn)  
- slette digitale lyd-/bilde- og videoopptak

## Vedlegg 4

### korrespondanse

Prosjektnr: 46000. Tilhør og tryggleik hjå unge institusjonsbeboarar



Marie Schildmann (marie.schildmann@nsd.no) [Add to contacts](#) 3/8/2016

To: sindre90@hotmail.com

Hei,

Jeg viser til endringsmelding vedrørende prosjektet ditt "Tilhør og tryggleik hjå unge institusjonsbeboarar".

Endringen gjelder ny problemstilling og nytt utvalg. Det skal ikke intervjuas beboere ved barnevernsinstitusjoner, men ansatte. Ansatte som ønsker å delta i prosjekte blir bedt om å ta direkte kontakt med student. Det skal ikke innhentes opplysninger om beboere, og vi ber derfor om at følgende formulering fjernes fra informasjonsskrivet:

"Informasjonen som vert innhenta om eventuelle tredjepartar som institusjonsbeboarar, medarbeidarar og liknande vil verte anonymisert allereie i frå intervjuasjonen".

Informasjonsskrivet for øvrig er tilfredsstillende. Endringen er kurant.

Marie Strand Schildmann  
Seniorrådgiver/Senior Adviser  
Tel: +47 55 58 31 52  
[nsd.no](http://nsd.no) | [twitter.com/NSDdata](https://twitter.com/NSDdata)

